



MELAND KOMMUNE

# Økonomiplan 2017 - 2020

Vedtak i kommunestyret xx.xx.2016, sak xx/2016



# Innhold

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 1     | Innleiande kommentarer .....   | 3  |
| 2     | Utvikling i folketal og prognose for økonomiplanperioden .....                         | 4  |
| 2.1   | Prognose for folketalsutviklinga 2017 - 2020 .....                                     | 4  |
| 2.2   | Aldersfordeling og demografi.....  | 4  |
| 3     | Kommuneproposisjonen 2017 .....  | 6  |
| 3.1   | Realvekst i 2017 .....   | 6  |
| 3.2   | Pensjon.....   | 6  |
| 3.3   | Skjønstilskot .....  | 7  |
| 3.4   | Reduksjon basistilskot ved samanslåing.....  | 7  |
| 3.5   | Veksttilskot.....  | 7  |
| 3.6   | Frivilligsentralar.....  | 7  |
| 3.7   | Auka rus-satsing .....   | 7  |
| 3.8   | Nytt inntektssystem for kommunane.....   | 8  |
| 3.9   | Kostnadsnøklane .....  | 9  |
| 3.10  | Vidareføring av noverande inntektssystem.....  | 9  |
| 4     | Prinsipp for god økonomistyring i Meland kommune .....                                 | 9  |
| 5     | Økonomiske nøkkeltal Meland kommune 2014 og 2015.....                                  | 10 |
| 5.1   | Inntektsnivå.....  | 10 |
| 5.2   | Administrasjon 2015 .....  | 11 |
| 5.3   | Skule.....   | 11 |
| 5.4   | Barnehage .....  | 12 |
| 5.5   | Pleie og omsorg.....   | 13 |
| 5.6   | Helse .....  | 14 |
| 5.7   | Utvikling i kostnadene for tenesteområda 2014 - 2016 .....                             | 14 |
| 6     | Inntekts- og utgiftsrammer i økonomiplanperioden .....                                 | 16 |
| 6.1   | Prognosemodell skatt og rammetilskot.....  | 16 |
| 6.2   | Renter, avdrag og utvikling i langsiktig gjeld .....                                   | 17 |
| 6.3   | Inntekts- og utgiftsrammer .....   | 19 |
| 6.4   | Rådmannen sitt framlegg til prioritering av nye tiltak.....                            | 20 |
| 7     | Kommentarar frå tenesteområda til prioriteringar, og til framtidige utfordringar ..... | 21 |
| 7.1   | Stabar, administrative støttefunksjonar og større interkommunale samarbeid .....       | 21 |
| 7.2   | Barnehagedrift .....   | 22 |
| 7.2.1 | Tilskot til private barnehagar.....  | 22 |
| 7.2.2 | Kommunal barnehagedrift .....  | 23 |
| 7.2.3 | Driftstiltak barnehage – private og kommunal drift .....                               | 24 |
| 7.3   | Skulane i Meland .....   | 24 |
| 7.3.1 | Elevtalsutvikling og utvikling i talet på klassar i økonomiplanperioden .....          | 24 |
| 7.3.2 | Felles ressursfordelingsmodell for grunnskulen i Meland .....                          | 26 |
| 7.3.3 | Grasdal skule .....  | 27 |
| 7.3.4 | Meland Ungdomsskule .....  | 27 |
| 7.3.5 | Sagstad skule .....  | 28 |
| 7.3.6 | Rossland skule .....   | 28 |
| 7.3.7 | Vestbygd skule.....  | 28 |
| 7.4   | Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan Helse .....                             | 29 |
| 7.5   | Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan NAV .....                               | 31 |
| 7.6   | Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan Barnevern.....                          | 32 |
| 7.7   | Tiltak og prioritering innan pleie- og omsorg .....                                    | 33 |
| 7.7.1 | Meland Sjukeheim.....  | 33 |
| 7.7.2 | Heimetenesta .....   | 34 |
| 7.8   | Tiltak og prioritering innan kultur .....  | 36 |
| 7.9   | Plan, utvikling og kommunalteknikk .....   | 37 |
| 7.9.1 | Organisering .....   | 37 |
| 7.9.2 | Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk .....                              | 37 |
| 7.9.3 | Innspel til økonomiplan 2017 – 2020.....   | 38 |

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 7.10  | Kyrkja .....   | 39 |
| 8     | Investeringar .....  | 41 |
| 8.1   | Ordinære investeringar der renter og avdrag må dekkjast over drift.....    | 41 |
| 8.1.1 | IKT .....  | 42 |
| 8.1.2 | Teknisk .....  | 42 |
| 8.1.3 | Kyrkja.....  | 43 |
| 8.1.4 | Skular og barnehage.....   | 43 |
| 8.1.5 | Helse, sosial og omsorg .....  | 44 |
| 8.1.6 | Kultur/næring.....   | 45 |
| 8.1.7 | Andre bygg .....   | 45 |
| 8.2   | Kommentarar til investering i sjølvkostprosjekt – Vassverk og Avlaup ..... | 46 |
| 8.2.1 | Vatn .....   | 46 |
| 8.2.2 | Avlaup .....   | 48 |
| 8.3   | Oppsummering investeringar .....   | 50 |

## 1 Innleiande kommentarar

Utviklinga for Meland kommune ser ut til å fortsette som han har gjort dei siste åra, men høg folkevekst og stort tempo i bustadbygginga. Dermed er det behov for stadig utvikling og utviding av det kommunale tenestetilbodet. Vi er i gong med store utvidingsprosjekt på Grasdal og Sagstad skular, vi planlegg bygging av ny stor communal barnehage, vi har behov for å auke tale på kommunale bustader, og vi skal investere betydeleg summar innan vatn og avløp dei kommande åra.

Kommunestyret har gjort vedtak om samanslåing med Radøy og Lindås kommunar, og arbeidet med å planlegge og iverksette denne samanslåinga vil prege arbeidet både politisk og administrativt i økonomiplanperioden. Vi legg i det etterfølgjande fram ein økonomiplan som inkluderer tal for 2020, vel vitande om at vi dette året ikkje lenger er eigen kommune. Tala for 2020 er såleis berre ein illustrasjon på kva økonomiske rammer vi ville hatt til eigen drift dersom vi fortsatt skulle vere eigen kommune.

Økonomiplanarbeidet denne våren vart ekstra utfordrande fordi regjeringa i kommuneproposisjonen presenterer omlegging av inntektssystemet på fleire område, og det er vanskeleg for oss å beregne alle konsekvensane av omlegginga før statsbudsjettet for 2017 vert lagt fram i byrjinga på oktober.

Som peika på i kapittel 6 har vi og store utfordringar med å snu trenden med relativt stor auke i aktivitetsnivå og utgiftsnivå i tenesteytinga medan veksten i inntekter har vore mindre dei siste åra og vert låg også i 2017. Vi legg difor fram ein økonomiplan som ikkje konkluderer med kor vi skal finne innsparingar i 2017 på minimum kr 2,7 mill. Vi konkluderer med at vi må vente med dei endelige prioriteringar til vi har eit ferdig framlegg til budsjettet for 2017.

## 2 Utvikling i folketal og prognose for økonomiplanperioden

### 2.1 Prognose for folketalsutviklinga 2017 - 2020

Utvikling i folketal og den demografiske utviklinga er eit viktig kriterium for å beregne den forventa økonomiske utviklinga for kommunen. Folketalsutviklinga framover vil avhenge av ei rekke forhold.

Slike kan vere:

- Bustadutviklinga og tilgangen på attraktive bustader i kommunen.
- Sysselsetjing og tilgang på arbeidsplassar i pendlaravstand.
- Den generelle økonomiske utviklinga.
- Kommunen sitt omdømme og korleis oppfatninga av det kommunale tenestetilbodet er.
- Nasjonale utviklingstrekk, som til dømes tilflyttinga til dei store byregionane.
- Utvikling innan samferdsle.

Berekning av skatt og rammetilskot (dei såkalla frie inntektene til kommunen) tek utgangspunkt i folketalet 1. januar i budsjettåret, medan den såkalla utgiftsutjamninga er basert på folketal og ein del andre statistiske paramenter 1. juli i året før budsjettåret. Vi bruker KS sin prognosemodell for å rekne ut forventa frie inntekter i økonomiplanperioden.

Statistisk sentralbyrå sendte ut oppdaterte befolkningsprognosar for perioden 2016-2100 den 21. juni 2016, og vi bruker desse som grunnlag for inntektsberekingane. Prognosane er laga både på nasjonalt og regionalt nivå. SSB har og detaljerte framskrivingar på kommunenivå fordelt på alder. SSB ventar nasjonal folkevekst på i underkant av 1,1% i året til og med 2018, medan veksten i 2019 og 2020 er venta å verte på henholdsvis 0,95% og 0,90%. For Meland kommune reknar SSB med ein vekst i 2017 på 2,9%. 2,8% i 2018 og 2,5% i 2019. Den vedtekne kommuneplanen legg og til grunn ein årleg vekst i folketalet på 2,6% per år, og SSB sin prognose viser altså litt høgare vekst enn dette dei første åra. Følgjande tabell viser utvikling i folketal dei siste 5 åra og forventa utvikling i økonomiplanperioden:

Folketalsutvikling Meland kommune 2011 - 2020

Faktiske tal til og med 01.01.2016, prognose for 01.07.2016

| Alle                 | 2011  | 2012  | 2013  | 2014  | 2015  | 2016  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|----------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| 01.01. i året        | 6 824 | 7 036 | 7 347 | 7 544 | 7 736 | 7 812 | 8 038 | 8 273 | 8 503 | 8 717 |
| Endring i året       | 212   | 311   | 197   | 192   | 76    | 226   | 235   | 230   | 214   |       |
| Endr. i året %       | 3,1 % | 4,4 % | 2,7 % | 2,5 % | 1,0 % | 2,9 % | 2,9 % | 2,8 % | 2,5 % |       |
| 01.07 i året         | 6 927 | 7 220 | 7 477 | 7 667 | 7 789 | 7 926 | 8 157 | 8 389 | 8 611 |       |
| Endring frå året før | 252   | 293   | 257   | 190   | 122   | 137   | 231   | 232   | 222   |       |
| Endr. frå året før   | 3,8 % | 4,2 % | 3,6 % | 2,5 % | 1,6 % | 1,8 % | 2,9 % | 2,8 % | 2,6 % |       |


Frå 1. januar 2015 til 1. januar 2016 auka folketalet med 76 personar eller 1,0%. Dette er ein betydeleg lågare vekst enn tidlegare år. I 2014 var veksten på 2,5%, og dei 5 siste åra (2011-2015) er gjennomsnittleg folkevekst på 2,9%, som er den femte høgaste veksten hjå alle kommunar i Norge i denne perioden.

### 2.2 Aldersfordeling og demografi

Med nokre små justeringar er SSB sin prognose for den demografiske fordelinga av folketalet brukt i økonomiplanen. Følgjande utvikling per aldersklasse er lagt til grunn:

| Alder      | Faktiske tall 1. juli |              |              |              |              | Prognose 1. juli |              |              |              |
|------------|-----------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|------------------|--------------|--------------|--------------|
|            | F-2011                | F-2012       | F-2013       | F-2014       | F-2015       | P-2016           | P-2017       | P-2018       | P-2019       |
| 0-1 år     | 310                   | 217          | 252          | 258          | 227          | 234              | 240          | 246          | 254          |
| 2-5 år     | 337                   | 476          | 491          | 499          | 524          | 510              | 523          | 536          | 549          |
| 6-15 år    | 1 052                 | 1 065        | 1 076        | 1 120        | 1 156        | 1 183            | 1 225        | 1 274        | 1 322        |
| 16-22 år   | 669                   | 693          | 733          | 725          | 717          | 717              | 721          | 729          | 739          |
| 23-66 år   | 3 908                 | 4 086        | 4 197        | 4 279        | 4 350        | 4 426            | 4 536        | 4 641        | 4 731        |
| 67-79 år   | 436                   | 472          | 517          | 564          | 595          | 631              | 677          | 722          | 771          |
| 80-89 år   | 172                   | 165          | 167          | 175          | 172          | 176              | 184          | 189          | 193          |
| 90+ år     | 43                    | 46           | 44           | 47           | 48           | 50               | 51           | 52           | 52           |
| <b>Sum</b> | <b>6 927</b>          | <b>7 220</b> | <b>7 477</b> | <b>7 667</b> | <b>7 789</b> | <b>7 927</b>     | <b>8 157</b> | <b>8 389</b> | <b>8 611</b> |


Utviklinga kan og beskrivast i følgjande figur:



Endringane frå året før er spesifisert i tabellen under:

| Alder      | Faktiske tal 1. juli |              |              |              |              | Prognose 1. juli |              |              |  |
|------------|----------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|------------------|--------------|--------------|--|
|            | F-2012               | F-2013       | F-2014       | F-2015       | P-2016       | P-2017           | P-2018       | P-2019       |  |
| 0-1 år     |                      | 35           | 6            | -31          | 7            | 6                | 6            | 8            |  |
| 2-5 år     | 46                   | 15           | 8            | 25           | -14          | 13               | 13           | 13           |  |
| 6-15 år    | 13                   | 11           | 44           | 36           | 27           | 42               | 49           | 48           |  |
| 16-22 år   | 24                   | 40           | -8           | -8           | -            | 4                | 8            | 10           |  |
| 23-66 år   | 178                  | 111          | 82           | 71           | 76           | 110              | 105          | 90           |  |
| 67-79 år   | 36                   | 45           | 47           | 31           | 36           | 46               | 45           | 49           |  |
| 80-89 år   | -7                   | 2            | 8            | -3           | 4            | 8                | 5            | 4            |  |
| 90+ år     | 3                    | -2           | 3            | 1            | 2            | 1                | 1            | -            |  |
| <b>Sum</b> | <b>293</b>           | <b>257</b>   | <b>190</b>   | <b>122</b>   | <b>138</b>   | <b>230</b>       | <b>232</b>   | <b>222</b>   |  |
|            |                      |              |              |              |              |                  |              |              |  |
| 0-1 år     | 0,0 %                | 16,1 %       | 2,4 %        | -12,0 %      | 3,1 %        | 2,6 %            | 2,5 %        | 3,3 %        |  |
| 2-5 år     | 13,6 %               | 3,2 %        | 1,6 %        | 5,0 %        | -2,7 %       | 2,5 %            | 2,5 %        | 2,4 %        |  |
| 6-15 år    | 1,2 %                | 1,0 %        | 4,1 %        | 3,2 %        | 2,3 %        | 3,6 %            | 4,0 %        | 3,8 %        |  |
| 16-22 år   | 3,6 %                | 5,8 %        | -1,1 %       | -1,1 %       | 0,0 %        | 0,6 %            | 1,1 %        | 1,4 %        |  |
| 23-66 år   | 4,6 %                | 2,7 %        | 2,0 %        | 1,7 %        | 1,7 %        | 2,5 %            | 2,3 %        | 1,9 %        |  |
| 67-79 år   | 8,3 %                | 9,5 %        | 9,1 %        | 5,5 %        | 6,1 %        | 7,3 %            | 6,6 %        | 6,8 %        |  |
| 80-89 år   | -4,1 %               | 1,2 %        | 4,8 %        | -1,7 %       | 2,3 %        | 4,5 %            | 2,7 %        | 2,1 %        |  |
| 90+ år     | 7,0 %                | -4,3 %       | 6,8 %        | 2,1 %        | 4,2 %        | 2,0 %            | 2,0 %        | 0,0 %        |  |
| <b>Sum</b> | <b>4,2 %</b>         | <b>3,6 %</b> | <b>2,5 %</b> | <b>1,6 %</b> | <b>1,8 %</b> | <b>2,9 %</b>     | <b>2,8 %</b> | <b>2,6 %</b> |  |

Endringane kan og beskrivast med følgjande figur som viser vekst per år per aldersgruppe:



## 3 Kommuneproposisjonen 2017

### 3.1 Realvekst i 2017

Regjeringa reknar med ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 3,45 mrd. og 3,7 mrd. frå 2016 til 2017. Veksten er rekna frå inntektsnivået for 2016 som er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Auken er ein realauke slik at priskompensasjon frå 2016 til 2017 vil kome som eit tillegg. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, får vi i statsbudsjettet til hausten. Statsbudsjettet har ei målsetjing om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter. Auken i dei frie inntektene frå 2016 til 2017 skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Auka utgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamsetjing (om lag kr 2,0 mrd.).
2. Pensjon. Om lag kr 0,7 mrd. (kr 0,85 mrd. for heile kommuneforvaltninga) utover det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene.
3. Auka satsing innan rusområdet kr 300 mill.

### 3.2 Pensjon

Det har de siste åra vore ein sterk vekst i pensjonspremiane som kommunane betaler inn til pensjonsordningane. Dette må sjåast i samanheng med høg lønsvirkst, lågt rentenivå og behov for å styrke soliditeten i pensjonsordningane. Veksten i dei regnskapsmessige pensjonskostnadane har vore jamn, men likevel noko lågare enn veksten i premiane, og vi får dermed auke i premieavvika. Moderat lønsvirkst i 2016 vil gje lågare pensjonspremier i 2016 enn tidlegare år.

Dei siste åra har departementet stramma inn på føresetnadane for berekning av dei rekneskapsmessige pensjonskostnadane, og i kommuneproposisjonen signaliserer dei at dei vil gjere dette også i 2017 som følgje av eit vedvarande lågt rentenivå. Parameteren for berekning av avkastning på pensjonsmidlane vil verte redusert med 0,1 prosentpoeng frå 2016 til 2017. Som konsekvens ventar ein ei auke i pensjonskostnadane med om lag kr 500 mill. I tillegg vil amortiseringsskostnadene auke i 2017 som følgje av anslått premieavvirk i 2016, med ein effekt i 2017 anslått til om lag kr 350 mill., slik at sum auke i pensjonskostnadene vil vere kring kr 850 mill. Dette vil komme i tillegg til det som vert dekka inn av den kommunale deflatoren til dekking av løns- og prisvekst.

Kva dette vil medføre for Meland kommune er det svært vanskeleg å seie noko eksakt om, men ei forsiktig berekning basert på folketal viser ei kostnadsauke på kr 1,3 mill. Omlegging av pensjonsberekinga av uføre vil føre til at pensjonskostnadane i 2016 og framover skal verte lågare, og vi estimerer dette til å utgjere ca. kr 0,5 mill. for 2017. Netto kalkulert effekt knytt til pensjon for Meland kommune frå 2016 til 2017 er såleis ein kostnadsauke på kr 0,8 mill.

### **3.3 Skjønstillskot**

Ramma for skjønstillskot for landet totalt blir i 2017 på kr 1.191 mill. Dette er ein reduksjon på kr 100 mill. frå 2016. Det er vanskeleg å anslå kva vi kan rekne med å få i skjønstillskot framover. Det skjer store endringar i inntektssystemet, og fylkesmannen vil kanskje måtte foreta ei stor omlegging av fordelinga av desse midlane framover. For 2016 fekk kommunen kr 3,9 mill., og vi legg til grunn ein reduksjon til kr 3,5 mill. per år i økonomiplanperioden frå 2017. Endeleg fordeling til kommunane i Hordaland kjem etter at statsbudsjettet er lagt fram.

### **3.4 Reduksjon basistilskot ved samanslåing**

Kr 300 mill. blir sett av til kompensasjon for kommunar som har gjort vedtak om kommunesamanslåing, og som får redusert basistilskot i perioden 2017 - 2019. Modell og omfang for kompensasjonsordninga blir lagt fram i statsbudsjettet for 2017. Kompensasjonen blir gitt som skjønstillskot i 2017.

Kommunar som slår seg saman i kommunereformperioden vil få erstatta bortfall av basistilskotet gjennom årlege inndelingstilskot (15 + 5 år), på grunnlag av inntektssystemet i 2016, men det gjeld frå tidspunkt når samanslåing vert sett i verk.

### **3.5 Veksttilskot**

Veksttilskot blir i 2016 gitt til kommunar som i dei siste tre åra har hatt ein årleg gjennomsnittleg folkevekst høgare enn 1,5 prosent. Tilskot blir i 2016 gitt med kr. 56.485,- per ny innbyggjar utover vekstgrensa. For 2017 er det framlegg om å redusera vekstgrensa til 1,4 prosent. Veksttilskotet er ikkje med i grunnlaget for årlege inndelingstilskotet ved kommunesamanslåing. Meland kommune får i 2017 kr 2,9 mill. i veksttilskot.

### **3.6 Frivilligsentralar**

Ansvaret for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane, og blir innlemma i kommunane sitt rammetilskot. Tilskot over Kulturdepartementet sitt budsjett utgjer i 2016 kr 127,8 mill. Det blir lagt opp til at tilskot blir fordelt særskilt innafor rammetilskotet i ein overgangsperiode på fire år. Fordelinga av tilskot for 2017 vil byggje på Kulturdepartementet si fordeling i 2016. Skal ikkje få netto budsjetteffekt i 2017 for kommunen.

### **3.7 Auka rus-satsing**

Inkludert i realveksten er kr 300 mill. til opptrappingsplanen på rusfeltet. Ei enkel berekning i forhold til innbyggjartal tilseier at dette utgjer kr 450.000,- i 2017 for Meland kommune, men faktisk beløp vert ikkje klart før i statsbudsjettet. Helse- og omsorgsdepartementet har i 2015 fremma Prop. 15 S (2015–2016) Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016–2020) for Stortinget. Opptrappingsplanen er regjeringa sin tverrsektorelle satsing på rusfeltet, og planen tek føre seg dei tre innsatsområda førebygging, behandling og ettervern/oppfølgingstenester. Hovudinnsatsen er retta mot kommunesektoren.

Total er ramma for dette på kr 2,4 mrd. i perioden 2016–2020. I tillegg kjem veksten i tverrfaglig spesialisert behandling (TSB) som vert sikra gjennom den gylne regel som betyr at vekst i rusbehandling og psykisk helsevern skal være sterkare enn i somatikk. Midlane er foreslått fordelt etter sosialhjelpsnøkkelen. Regjeringa vil gjennom etablerte rapporteringsordningar følgje med på utviklinga i sektoren og om kommunane følgjer opp regjeringa si satsing med tiltak innanfor rusområdet.

### 3.8 Nytt inntektssystem for kommunane

Framlegg til endringar i inntektssystemet har vore på høyring. Det blei 21.april 2016 inngått avtale mellom Høgre, Framstegspartiet og Venstre i Stortinget om nytt inntektssystem. Framlegget i kommuneopposisjonen for 2017 er i samsvar med denne avtalen.

#### Basistilskot

Basistilskotet er i noverande inntektssystem eit like stort tilskot per kommune, uavhengig av talet på innbyggjarar, og er i 2016 kr 13,2 mill. per kommune. Endring i kostnadsnøklane gjer at tilskotet vil auke til om lag kr 14,4 mill. i 2017.

Halvdelen av basistilskotet skal framleis vere eit like stort tilskotsbeløp per kommune, det vil seie om lag kr. 7,1 mill. i 2017. Den andre halvdelen av basistilskotet vil bli gradert etter kommunen sin strukturverdi, som er avstand i km i gjennomsnitt for innbyggjarane i kommunen for å nå 5000 innbyggjarar, uavhengig av kommunegrenser. Det blir korrigert for ferjestrekningar. Dersom kommunen sin strukturverdi tilseier reiseavstand på meir enn 25,4 km, vil kommunen framleis få fullt basistilskot. Dersom denne er lågare enn 25,4 km, vil basistilskotet bli redusert. Meland kommune sin indeksverdi er 0,60986. Dette betyr at vi får basistilskotet redusert til ca 61% av fullverdi, berekna til ein reduksjon på kr 5,6 mill. for 2017.

Summen av basistilskot til alle kommunane blir dermed redusert, og desse midlane blir tilbakeførte til kommunane på grunnlag av innbyggjartal. Førebels utrekning viser at dette utgjer kr 243,- per innbyggjar, jf. tabell i kommuneopposisjonen.

Dei kommunane som får størst reduksjon i basistilskotet, har ein kombinasjon av låg strukturverdi (korte reiseavstandar) og relativt lågt innbyggjartal. Kommunar med høgt innbyggjartal kjem positivt ut då dei får mykje midlar tilbakeførte av den samla reduksjonen i basistilskot. I kommuneopposisjonen (Prop. 123 S) er fordelingsverknadene av gradert basistilskot illustrert i tabell 7.1, kolonne 4. Inntektsbortfall frå 2017 som følgje av redusert basistilskot vil bli kompensert i overgangsperioden for kommunar som vedtek å slå seg saman, jf. punkt over om skjønstilskot. Det er ikkje sagt korleis denne tilbakeføringa skal skje. I våre berekningar basert på KS sin prognosemodell er dette lagt på ei eiga linje, mens det i proposisjonen er gjeve signal om at denne tilbakeføringa skal skje ved justering av kostnadsnøklane.

#### Distrikstilskot Sør-Noreg

Distrikstilskotet blir gitt til kommunar med over 3200 innbyggjarar og distriktsindeks frå 0 til 46. Skattenivået må vere under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Distriktsindeksen gir uttrykk for distriktsutfordringar gjennom geografi, arbeidsmarknad, inntektsnivå og alderssamansetjing.

Jo lågare distriktsindeks, jo større distriktsmessige utfordringar. Distrikstilskotet blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar, gradert på grunnlag av distriktsindeksen. Jo lågare distriktsindeks, jo høgare distrikstilskot både per kommune og per innbyggjar.

I framlegget er det lagt opp til å gi mindre tilskot per kommune og meir tilskot per innbyggjar. Det vil framleis vere gradering av tilskotet på grunnlag av distriktsindeks. Denne graderinga vil no bli sterkare slik at

distriktsutfordringar uttrykt gjennom distriktsindeksen vil gi større verknad på tilskotsbeløpet enn tidlegare. Meland kommune får ikkje distriktstilskot.

#### Småkommunetillegg

Dette tilskotet vil erstatta småkommunetilskotet og vil bli som eit distriktstilskot. Noverande småkommunetilskot er for 2016 om lag kr. 5 ½ mill. per kommune, og blir gitt med same tilskotssats til alle kommunar under 3.200 innbyggjarar og skattenivå under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Det blir ikkje teke omsyn til distriktsutfordringar. I framlegget er det lagt opp til trekk i tilskotet på grunnlag av distriktsindeksen. Med høgare distriktsindeks, mindre distriktsutfordringar, vil trekk i tilskotet bli større. Meland kommune får ikkje dette tilskotet.

### **3.9 Kostnadsnøklane**

Departementet har gjennomgått kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Oppdatering blir gjort på grunnlag av statistiske analysar som forklarer skilnader i kostnadane knytta til alderssamansetjing, sosioøkonomiske tilhøve og busetjing m.m. Framlegget i kommuneproposisjonen er i samsvar med høyringsnotatet om endringar i inntektssystemet med unntak av vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma 16 år og over som skal utgreiaast nærmere før eventuell innføring. Det blir elles lagt større vekt på kriteria innbyggjarar i aldersgruppene 67 - 79 år og 80 - 89 år. Dette bidreg til at kommunar med relativt få innbyggjarar i desse aldersgruppene tapar, mellom anna Meland. Meland kommune tapar og på at kriteriet for psykisk utviklingshemma ikkje vert endra no.

Andre endringar er at innbyggjarar 90 år og eldre får lågare vekt. Landbrukskriteriet får noko lågare vekt, delkriteriet areal dyrka mark blir teke ut og delkriteriet jordbruksverksemder blir vekta opp. Det blir lagt opp til oppdatering av kostnadsnøklane om lag kvart fjerde år framover. I kommuneproposisjonen, tabell 7.1, er dei samla verknadene av endringane i inntektssystemet illustrerte med effekt per innbyggjar. Det må understrekast at dette berre er ein illustrasjon. Dei endelege tala for verknader kjem i statsbudsjettet til hausten og vil vere baserte på eit nyare og meir oppdatert kriteriegrunnlag.

### **3.10 Vidareføring av nåværende inntektssystem**

Nåværende inntektssystem blir vidareført bl.a. knytt til inntektsutjamning, overgangsordning INGAR og teljetidspunkt.

## **4 Prinsipp for god økonomistyring i Meland kommune**

Kommunal og moderniseringsdepartementet gav i desember 2014 ut ein vegleiar til kommunane sin økonomiplanlegging. I denne tilråddepartementet at kommunane etablerer gode mål og rammer for økonomiplanlegginga i kommunen. Vi gjer basert på dette framlegg om følgjande prinsipp for god økonomistyring i Meland kommune:

1. Kommunen sin langsiktige planlegging skal vere basert på ein bærekraftig økonomisk utvikling som tek i vare notida sitt behov utan å stå i vegen for at framtidige generasjoner klarer å ivareta sine (generasjonsprinsippet).

2. I driftsbudsjettet skal det setjast av eit årlig eit beløp som overskot eller som eigenkapital til investeringar, slik:
  - a. Det skal avsetjast til disposisjonsfond med inntil 1,7% av driftsinntektene per år til fondet når minimum 5% av driftsinntektene.
  - b. Dersom disposisjonsfondet er meir enn 5 % av driftsinntektene, skal det avsetjast 1% av driftsinntektene til eigenfinansiering av investeringar.
3. Kommunen skal ha ein lånegjeld som er berekraftig og som tek i vare generasjonsprinsippet.
4. Kommunen sin økonomiplan for dei fire neste årene skal sjåast i lys av det investerings- og driftsbehov kommunen vil ha i eit perspektiv på inntil 8 år.
5. Kommunen ynskjer gjennom ein vid delegeringsfullmakt å myndiggjere rådmannen til å disponere tildelte driftsrammer på ein effektiv og god måte basert på styringssignal som kommunestyret gjev i overordna styringsdokument som kommuneplan, økonomiplan, budsjett, etc.

Vedr. punkt 2 er disposisjonsfondet per 31.12.2015 på kr 32,4 mill. eller 6,3% av driftsinntektene, inkludert vedtak om avsetning i kommunestyret den 27. april 2016 i sak om disponering av årsrekneskapen for 2015. Det skal dermed i denne økonomiplanen leggjast til grunn eit overskot på 1% som skal gå til eigenfinansiering av investeringar i økonomiplanperioden. Det bør arbeidast meir med formuleringane i pkt. 3 til 5 i prinsippa over, og administrasjonen vil komme tilbake til dette i eigen sak til kommunestyret.


## 5 Økonomiske nøkkeltal Meland kommune 2014 og 2015

Meland kommune har generelt låge kostnadar på dei fleste tenesteområda. Nedanfor vert viktige nøkkeltal frå Kostra-databasen for driftsnivået i kommunen i 2014 og 2015 samanlikna med nokre nabokommunar, med gjennomsnitt i Hordaland, med Kostragruppe 8 og til slutt med gjennomsnitt for heile landet utanom Oslo.

### 5.1 Inntektsnivå

Meland kommune har som følgje av ein ung befolkning over tid hatt eit relativt lågt inntektsnivå. Frå 2014 til 2015 auka frie inntekter (skatt og rammetilskot) per innbyggjar for kommunen med 6,4%, opp frå 47.141 i 2014 til 50.152 i 2015.

Til samanlikning var veksten i Hordaland på 2,7%, i Kostragruppe 8 på 2,9% og i landet utanom Oslo på 2,4%. Med større vekst enn i samanlikningskommunane ligg vi i 2015 på eit høgare inntektsnivå enn i alle samanlikningskommunane, med og høgare enn gjennomsnittet i Hordaland, i Kostragruppe 8, og i landet totalt. Veksten i Meland kommune skuldast stor auke i veksttilskot og i utgiftsutjamninga.




## 5.2 Administrasjon 2015

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring per innbyggjar varierer ganske mykje mellom kommunane.

Organisering av kommunen kan påverke korleis utgiftene vert fordelt på dei ulike tenesteområda. Også ulik praksis med omsyn til korleis ein fordeler fellesutgiftene i rekneskapen kan forklare avvik.


Meland kommune med kr 3.260,- i administrasjonskostnadene per innbyggjar ligg ca. 14 % lågare enn både gjennomsnittet for Hordaland og Askøy, som er billigaste samanlikningskommune. Veksten i utgifter for Meland kommune frå 2014 til 2015 er på 5,5%, som er høgare enn dei fleste vi samanliknar oss med. I Hordaland er veksten på 1,1%, og både Kostragruppe 8 og landet totalt har ein nedgang på 0,5%.



## 5.3 Skule


Netto driftsutgifter per born i aldersgruppa 6 – 15 år vert brukt for samanlikning av kostnadsnivået i skulen. Meland er fjerde billegaste kommune etter Askøy, Osterøy og Os med kr 98.045 per innb. 6-15 år.

Meland kommune ligg ca. 5% lågare enn gjennomsnittet for Hordaland og 1% lågare enn Kostragr. 8. Frå 2014 til 2015 aukar kostn. per innb. 6-15 år med 4,2%, som er betydeleg over veksten i Hordaland (2,3%), Kostragruppe 8 (1,2%) og i landet (1,7%).



Det er relativt stor forskjell mellom kommunane kor stor del av barna i grunnskulealder som er elevar i den kommunale skulen. Utgiftsnivået i skulen er jo i all hovudsak knytt til talet på elevar, og ikkje til talet på born i skulepliktig alder. Tabellen under til venstre viser at i Meland kommune i 2015 år 90,7% av barna i aldersgruppa 6-15 år i kommunale skular, medan landsgjennomsnittet er 96%. Justerer vi kostnad per born i skulealder til kostnad per elev, får vi samanlikningstabellen til høgre under. Denne viser i 2015 ein kostnad per elev på kr 108.100,- for Meland kommune, som er litt under gjennomsnittet i Hordaland, ein god del høgare enn i Kostragruppe 8, og litt høgare enn landsgjennomsnittet.

| Andel elever i grunnskolen<br>av kommunens innbygg, 6-15 år |      |      |
|---|------|------|
| Tal i %   | 2014 | 2015 |
| 1243 Os (Hord.)   | 96,1 | 96,9 |
| 1245 Sund   | 96,0 | 92,4 |
| 1246 Fjell  | 89,5 | 89,4 |
| 1247 Askøy  | 97,6 | 96,6 |
| 1253 Osterøy  | 88,0 | 85,1 |
| 1256 Meland   | 89,9 | 90,7 |
| 1259 Øygarden   | 98,1 | 95,8 |
| 1263 Lindås   | 91,8 | 88,7 |
| Hordaland   | 94,9 | 94,7 |
| Kostragruppe 08   | 96,6 | 96,5 |
| Landet uten Oslo  | 96,4 | 96,0 |




## 5.4 Barnehage

Netto driftsutgifter til barnehagane i forhold barn i aldersgruppa 1-5 år er eit vanleg samanlikningskriterium for kostnadsnivået i barnehagesektoren.

Meland kommune har i 2015 kr 128.934,- i kostnad per barn 1-5 år, og vi ligg med det 1,4% under landsgjennomsnittet og 4% under gjennomsnittet i Hordaland, men 2,3% høgare enn Kostragruppe 8. Vi ligg høgt i forhold til samanliknings-kommunane.


For 2014 er kostnaden korrigert for det ekstraordinære tilskotet på kr 3,1 mill som eigentleg gjeld 2013. For 2015 er ekstraordinært tilskot på kr 5,0 mill inkludert i kostnadstala.



## 5.5 Pleie og omsorg

Utgiftsnivå til pleie og omsorg (sjukeheimen og heimetenestene) kan målast på fleire måtar. Enklast er netto drift i forhold til innbyggjarar i kommunen. Då vil vi kome ut med låge kostnadars som følgje av ein relativt ung befolkning.

Med kostnadars på kr 13.614,- per innb. ligg vi litt under Askøy, men noko over Os. Vi ligg omkring 16 % under gj.snitt for landet, 14% for Hordaland og vel 5% lågare enn Kostragruppe 8.




Frå 2014 til 2015 har vi ein vekst på 7,2%, som er svært høgt samanlikna med dei fleste andre. Både i Hordaland, Kostragruppe 8 og i landet total er det nedgang i kostnad per innbyggjar til Pleie- og omsorg.

Ser vi utgiftene til pleie og omsorg i forhold til innbyggjarar over 67 år får vi eit noko anna bilet. Vi meiner at dette er eit meir realistisk målegrunnlag, sjølv om vi har mange brukarar under 67 år som er inkludert i kostnadane.

Vi ligg i 2015 høgast av alle kommunane vi samanliknar oss med, og høgare enn gj. snitt i Hordaland, Kostragruppe 8 og landsgjennomsnittet.


Meland kommune har ei auke frå 2014 til 2015 på 5,5%, medan dei fleste andre samanlikningskommunane har ein kostnadsreduksjon på meir enn 3%.



## 5.6 Helse

Utgiftene til kommunehelsetenesta i Meland kommune vart litt lågare i 2015 enn i 2014, og var kr 2.493 per innb. i 2015. Samanlikninga syner at vi ligg ca. 12% over gjennomsnittet i Hordaland og Kostra-gruppe 8, og 5% over landsgjennomsnittet.

Elles ser vi at vi ligg omtrent på nivå med nabokommunane, men noko over dei samanlikningskommunane som driv billegast.



## 5.7 Utvikling i kostnadar for tenesteområda 2014 - 2016

Figuren nedanfor viser at sum utgifter i rekneskapen for tenesteområda i 2014 var kr 379,5 mill., kr 392,4 mill. i 2015, og er kr 421,7 mill. i budsjettet for 2016. Auken frå 2014 til 2015 er på 3,4 % og auken frå 2015 til 2016 er på 7,5%, begge inkl. pris- og lønsvekst. Lav vekst frå 2014 til 2015 skuldast reduksjon i tilskot til barnehagar og omlegging av samhandlingsreforma innan helse som gjer at ramma for helseområdet vart redusert med 6,3 mill. eller 22% frå 2014 til 2015.

Inntektsveksten frå 2014 til 2015 var på 3,2% og er budsjettert å auke med 3,9% frå 2015 til 2016. Når inntektsveksten i 2016 er betydeleg lågare enn auken i utgiftene får det som konsekvens at overskotet vert redusert. Vi budsjetterer difor med overskot på berre kr 1,0 mill. i 2016, samanlikna med overskot i rekneskapen for 2015 på kr 14,5 mill.

| TO            | TO-namn                           | Regnsk 14 | Regnsk 15 | Budsjett 16 | Økn. 14-15 | Økn. 15-16 | Økn. 14-15 % | Økn. 15-16 % |
|---------------|-----------------------------------|-----------|-----------|-------------|------------|------------|--------------|--------------|
| 12            | Økonomi/Finans                    | -394 389  | -406 851  | -422 740    | -12 462    | -15 889    | 3,2 %        | 3,9 %        |
| 10            | Politikk/Rådmannskontor           | 14 602    | 16 386    | 17 649      | 1 784      | 1 263      | 12,2 %       | 7,7 %        |
| 11            | Økonomikontor                     | 8 078     | 8 377     | 8 400       | 299        | 23         | 3,7 %        | 0,3 %        |
| 13            | IKT og andre Interkomm. samarbeid | 12 495    | 13 548    | 13 950      | 1 054      | 402        | 8,4 %        | 3,0 %        |
| 14            | Rådgjevernesta ekskl. private     | 9 189     | 9 621     | 9 338       | 432        | -283       | 4,7 %        | -2,9 %       |
| 15            | Private barnehagar (tilskot og a  | 76 617    | 74 213    | 78 952      | -2 404     | 4 739      | -3,1 %       | 6,4 %        |
| 19            | PPT                               | 1 977     | 2 133     | 2 163       | 156        | 30         | 7,9 %        | 1,4 %        |
| 20            | Kommunal Barnehagedrift           | 6 111     | 5 235     | 5 970       | -876       | 735        | -14,3 %      | 14,0 %       |
| 21            | Grasdal skule                     | 9 643     | 10 867    | 12 115      | 1 224      | 1 248      | 12,7 %       | 11,5 %       |
| 23            | Meland Ungdomsskule og Vaks       | 16 331    | 16 304    | 17 639      | -27        | 1 335      | -0,2 %       | 8,2 %        |
| 24            | Rossland skule                    | 21 728    | 22 722    | 24 349      | 994        | 1 627      | 4,6 %        | 7,2 %        |
| 25            | Sagstad skule                     | 23 915    | 25 024    | 28 373      | 1 109      | 3 349      | 4,6 %        | 13,4 %       |
| 26            | Vestbygd skule                    | 13 640    | 14 915    | 16 419      | 1 274      | 1 504      | 9,3 %        | 10,1 %       |
| 30            | Helse                             | 28 793    | 22 543    | 26 388      | -6 250     | 3 844      | -21,7 %      | 17,1 %       |
| 35            | Sosiale tenester                  | 12 172    | 10 039    | 11 950      | -2 133     | 1 911      | -17,5 %      | 19,0 %       |
| 36            | Barnevern                         | 7 593     | 10 463    | 10 190      | 2 870      | -273       | 37,8 %       | -2,6 %       |
| 37            | Meland Sjukeheim                  | 32 163    | 37 607    | 39 970      | 5 443      | 2 363      | 16,9 %       | 6,3 %        |
| 38            | Meland heimetenester              | 49 982    | 56 585    | 59 806      | 6 603      | 3 221      | 13,2 %       | 5,7 %        |
| 50            | Kulturkontor                      | 6 637     | 7 648     | 8 196       | 1 011      | 549        | 15,2 %       | 7,2 %        |
| 60            | PUK - Plan, Utbygging, komm.te    | 27 808    | 28 122    | 29 924      | 314        | 1 802      | 1,1 %        | 6,4 %        |
| Sum utgifter: |                                   | 379 472   | 392 351   | 421 740     | 12 878     | 29 389     | 3,4 %        | 7,5 %        |
| Overskot:     |                                   | 14 917    | 14 500    | 1 000       |            |            |              |              |

I tabellen nedanfor har vi summert saman tal i tabellen over for å få fram delsummar for dei største tenestene.

| Sektorar                       | Regnsk 14 | Regnsk 15 | Budsjett 16 | Økn. 14-15 | Økn. 15-16 | Økn. 14-15 % | Økn. 15-16 % | Økn. 14-16 % |
|--------------------------------|-----------|-----------|-------------|------------|------------|--------------|--------------|--------------|
| Skatt+Rammetslisk.             | 364 664   | 391 791   | 407 930     | 27 127     | 16 139     | 7,4 %        | 4,1 %        | 11,9 %       |
| Andre finanspostar             | 29 725    | 15 060    | 14 810      | -14 665    | -250       | -49,3 %      | -1,7 %       | -50,2 %      |
| Sum Økonomi/Finans             | 394 389   | 406 851   | 422 740     | 12 462     | 15 889     | 3,2 %        | 3,9 %        | 7,2 %        |
|                                |           |           |             |            |            |              |              |              |
| Sum adm, rådgjevarar, IKT mm.  | 44 364    | 47 932    | 49 336      | 3 569      | 1 404      | 8,0 %        | 2,9 %        | 11,2 %       |
| Sum barnehage                  | 82 727    | 79 448    | 84 922      | -3 280     | 5 475      | -4,0 %       | 6,9 %        | 2,7 %        |
| Sum skule inkl. PPT            | 87 233    | 91 964    | 101 057     | 4 731      | 9 093      | 5,4 %        | 9,9 %        | 15,8 %       |
| Helse, NAV, Barnevern          | 48 559    | 43 045    | 48 528      | -5 514     | 5 482      | -11,4 %      | 12,7 %       | -0,1 %       |
| Sum PLOMS                      | 82 145    | 94 191    | 99 775      | 12 046     | 5 584      | 14,7 %       | 5,9 %        | 21,5 %       |
| Kulturkontor                   | 6 637     | 7 648     | 8 196       | 1 011      | 549        | 15,2 %       | 7,2 %        | 23,5 %       |
| PUK - Plan, Utbygging, komm.te | 27 808    | 28 122    | 29 924      | 314        | 1 802      | 1,1 %        | 6,4 %        | 7,6 %        |
| Sum Tenesteområder             | 379 472   | 392 351   | 421 740     | 12 878     | 29 389     | 3,4 %        | 7,5 %        | 11,1 %       |
| Overskot                       | 14 917    | 14 500    | 1 000       | -417       | -13 500    |              |              |              |

Utgiftene til Pleie- og omsorg (sjukeheimen og heimetenestene) aukar med til saman 23,5% frå rekneskap 2014 til budsjett 2016. Auken i skulen er noko mindre med 15,8% i same periode.

Rådmannen meiner det er viktig å ha fokus på å stoppe utgiftsveksten innanfor dei store tenesteområda for å skape rom for nye tiltak innan kulturområdet og naudsynte tiltak innan Plan utbygging og kommunalteknikk, samt lage rom for naudsynt kapasitetsauke på barnehageområdet som kjem som følgje av vekst i barnetalet.

## 6 Inntekts- og utgiftsrammer i økonomiplanperioden

### 6.1 Prognosemodell skatt og rammetilskot

Grunnlaget for berekning av skatt og rammetilskot i økonomiplanperioden er Kommuneproposisjon 2017 og KS sin prognosemodell for perioden 2017-2020, siste oppdatert 18. mai 2016. Modellen tar utgangspunkt i framlegga og føresetnadane for inntektsutviklinga som ligg i kommuneproposisjonen.

I prognosemodellen har KS og teke med dei forventa konsekvensar av endringane i inntektssystemet frå 2017.

For Meland kommune er det særleg følgjande som gjer økonomiske utslag:

1. Endring av kostnadsnøklane.

Berekningar frå KS for 2016 viser at effekten som følge av endringa i kostnadsnøklane isolert vert på om lag 3,5 mill., og vi antar eit tilsvarande nivå i 2017.

2. Gradering av basistilskotet, berekna reduksjon på kr 5,6 mill.

Reduksjonen vert utlikna av tilsvarande stor inntekt frå overgangsordninga med tilbakeføring av gradert basis til kommunar som har gjort vedtak om kommunesamanslåing, slik at netto effekt av dette er 0.

Forventa inntektsreduksjon som følge av omlegginga av inntektssystemet vert dermed netto på kr 3,5 mill.

I sum legg vi til grunn følgjande prognose for skatt og rammetilskot i økonomiplanperioden:

|  | Tal i 1000 kr    |                  |                  |                  |                  |                  |                 |                 |                 |                 |
|--|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Skatt og rammetilskot øk. plan<br>2017 - 2020 - Meland står aleine | Reknesk.<br>2012 | Reknesk.<br>2013 | Reknesk.<br>2014 | Reknesk.<br>2015 | Budsjett<br>2016 | Prognose<br>2016 | Øk-plan<br>2017 | Øk-plan<br>2018 | Øk-plan<br>2019 | Øk-plan<br>2020 |
| 1 Innbyggjartilskot  | 144 681          | 157 297          | 170 596          | 171 931          | 176 564          | 176 564          | 181 425         | 187 681         | 194 202         | 200 735         |
| 2 Utgiftsutjamning   | 12 294           | 10 053           | 8 875            | 17 163           | 17 592           | 17 592           | 14 029          | 16 495          | 18 878          | 21 010          |
| 3 Korrekjon for barn i statlege og private skular                  |                  | -271             | -1 564           | -3 885           | -4 782           | -4 782           | -4 804          | -4 804          | -4 804          | -4 804          |
| 4 Gradering av basistilskot  |                  |                  |                  |                  |                  |                  | -5 620          | -5 680          | -5 750          | -5 820          |
| 5 Overgangsordning - tilbakeføring av gradert basis                |                  |                  |                  |                  |                  |                  | 5 620           | 5 680           | 5 750           | 5 820           |
| 6 Tilbakeføring av frigjort ramme gradert basis                    |                  |                  |                  |                  |                  |                  | 2 120           | 2 180           | 2 250           | 2 320           |
| 7 Overgangsordningar (INGAR)                                       | -481             | -444             | -460             | -486             | -446             | -446             | -632            | -607            | -580            | -551            |
| 8 Saker m/særskild fordeling                                       | 1 518            |                  | 309              | 689              | 1 226            | 1 226            | 1 226           | 1 226           | 1 226           | 1 226           |
| 9 Veksttilskot   | 2 506            | 1 760            | 4 068            | 7 469            | 7 481            | 7 481            | 2 942           | 3 345           | 4 029           | 7 039           |
| 10 Skjønntilskot   | 4 000            | 4 900            | 4 200            | 4 042            | 3 900            | 3 900            | 3 500           | 3 500           | 3 500           | 3 500           |
| 11 Diverse / Rev. nasj. budsj.                                     | 234              | 130              | -999             | 1 497            | -                | 1 005            | 1 052           | 1 052           | 1 052           | 1 052           |
| 12 Sum rammetilskot  | 164 752          | 173 425          | 185 025          | 198 420          | 201 535          | 202 540          | 200 858         | 210 068         | 219 753         | 231 527         |
| 13 Auke i forhold til året før:                                    | 20 408           | 8 673            | 11 600           | 13 395           | 3 115            | 4 120            | -1 682          | 9 210           | 9 685           | 11 774          |
| 14 Auke i %:   | 14,1 %           | 5,3 %            | 6,7 %            | 7,2 %            | 1,6 %            | 2,0 %            | -0,8 %          | 4,6 %           | 4,6 %           | 5,4 %           |
| 15 Skatt og inntektsutjamning                                      |                  |                  |                  |                  |                  |                  |                 |                 |                 |                 |
| 16 Kommunale skatteinntekter                                       | 143 184          | 160 999          | 160 894          | 173 698          | 188 895          | 186 480          | 191 644         | 196 998         | 202 288         | 207 419         |
| 17 Løpende inntektsutjamning                                       | 16 174           | 12 952           | 18 745           | 19 673           | 17 500           | 19 380           | 19 918          | 20 514          | 21 009          | 21 554          |
| 18 Sum   | 159 358          | 173 951          | 179 639          | 193 371          | 206 395          | 205 860          | 211 562         | 217 512         | 223 297         | 228 973         |
| 19 Auke i forhold til året før:                                    | 13 058           | 14 593           | 5 688            | 13 732           | 13 024           | 12 489           | 5 702           | 5 950           | 5 785           | 5 676           |
| 20 Sum auke i %:   | 8,9 %            | 9,2 %            | 3,3 %            | 7,6 %            | 6,7 %            | 6,5 %            | 2,8 %           | 2,8 %           | 2,7 %           | 2,5 %           |
| 21 Sum rammetilskot, skatt og innt.utjamm.                         | 324 110          | 347 376          | 364 664          | 391 791          | 407 930          | 408 400          | 412 420         | 427 580         | 443 050         | 460 500         |
| 22 Auke i forhold til året før:                                    |                  | 23 266           | 17 288           | 27 127           | 16 139           | 16 609           | 4 020           | 15 160          | 15 470          | 17 450          |
| 23 Sum auke i %:   |                  | 7,2 %            | 5,0 %            | 7,4 %            | 4,1 %            | 4,2 %            | 1,0 %           | 3,7 %           | 3,6 %           | 3,9 %           |

Endringane frå 2016 til 2017 kan summerast opp slik:

| Endringar 2016-2017<br>skatt og rammetilskot                  | Prognose<br>2016 | Øk-plan<br>2017 | Endring<br>16 - 17 | Endring<br>16-17 i % |
|---|------------------|-----------------|--------------------|----------------------|
| Innbyggjartilskot per innb.                                   | 22 668           | 22 887          | 219                | 1,0 %                |
| Innbyggjarar 1. juli året før budsj.året                      | 7 789            | 7 927           | 138                | 1,8 %                |
| Innbyggjartilskot   | 176 564          | 181 425         | 4 861              | 2,8 %                |
| Utgiftsutjamning - endring kostnadsnøklane nytt inntektsystem |                  |                 | -3 500             | -3 500               |
| Gradering av basistilskot                                     | -                | -5 620          | -5 620             |                      |
| Tilbakeføring av frigjort ramme gradert basis                 |                  | 2 120           | 2 120              |                      |
| Overgangsordning - tilbakeføring av gradert basis             | 5 620            | 5 620           |                    |                      |
| Veksttilskot  | 7 481            | 2 942           | -4 539             |                      |
| Innt.garantidrnd. (INGAR) - tilskudd                          |                  |                 | -                  |                      |
| Innt.garantidrnd. (INGAR) - betaling                          | -446             | -632            | -186               |                      |
| Andre saker   | 1 349            | 974             | -375               |                      |
| <b>Sum rammetilskot</b>                                       | <b>202 540</b>   | <b>200 858</b>  | <b>-1 682</b>      | <b>-0,8 %</b>        |
| Kommunale skatteinntekter                                     | 186 480          | 191 644         | 5 164              |                      |
| Løpende inntektsutjamning                                     | 19 380           | 19 918          | 538                |                      |
| <b>Sum skatt</b>  | <b>205 860</b>   | <b>211 562</b>  | <b>5 702</b>       | <b>2,8 %</b>         |
| <b>Sum skatt og rammetilsk.</b>                               | <b>408 400</b>   | <b>412 420</b>  | <b>4 020</b>       | <b>1,0 %</b>         |

Ekskl. evt. tilskot frå INGAR-ordninga

Utrekningane tek utgangspunkt i at kommunen har gjort eit positivt vedtak om kommunesamanslåing. Totalt reknar vi med ein nedgangen i rammetilskot på kr 1,7 mill. og auke i skatteinntekter (inkl. skatteutjamning) på kr 5,7 mill. slik at netto auke frå 2016 til 2017 når det gjeld skatt og rammetilskot vert kr 4,0 mill.

Noko av reduksjonen i rammetilskot kan bli kompensert gjennom INGAR-ordninga. Det er vanskeleg å rekne på kva dette kan bli, og vi har difor ikkje teke med inntekter fra INGAR i berekninga. Vi vil vente til endelege tal på dette som vil komme i statsbudsjett for 2017 før vi legg det inn i inntektsberekinga, og har difor ikkje med inntekter fra INGAR-ordninga i dette framlegget til økonomiplan.

I tabellen nedst på førre side har vi laga ein meir detaljert spesifikasjon av endringane i frå 2016 til 2017. Vi reknar med å få ein auke på kr 4,8 mill. i innbyggjartilskotet. Tilskotet kjem som ein fast sum per innbyggjar, og vi ventar auke i satsen med 1,0% til kr 22.887,- per innbyggjar. Samstundes får vi fleire innbyggjarar i kommunen som vi får tilskot for, og total auke vert dermed på 2,8%.


Effekten av endringane av kostnadsnøklane i inntektssystemet frå 2016 til 2017 er det vanskelegare å rekne på. KS har i artikkel publisert 10. juni 2016 presenterte fylkesvise oppsummeringar av endringane i inntektssystemet. For Meland kommune er det rekna med ein inntektsreduksjon på kr 3,5 mill.

I kommuneproposisjonen for 2017, vedlegg 7 estimerer regjeringa denne reduksjonen til å vere kr 617,- per innbyggjar. Reknar ein med at vi har 7.800 innbyggjarar vert det totalt kr 4,8 mill., som er kr 1,3 mill. høgare enn det som KS sin modellar viser. Vi vel å bruke KS sine tal frå juni 2016 i denne økonomiplanen.

Endringane i kostnadsnøklane er i tabellen over del av endringane i utgiftsutjamning på linje 2 i tabellen på førre side. Utgiftsutjamninga gjev oss i 2016 ein inntekt på kr 17,6 mill. og i 2017 kr 14,0 mill. Reduksjonen på kr 3,6 mill. kan delast opp i endring i kostnadsnøklane med kr 3,5 mill. og reduksjon som følgje av endra utgiftsbehov (kriteriedata) med kr 0,1 mill.


Lav vekst i 2015 fører til at vi får redusert veksttilskotet med kr 4,5 mill. i 2017 til kr 2,9 mill. Reduksjon vert ikkje kompensert via INGAR-ordninga, som gjev kompensasjon dersom reduksjonen i rammetilskot frå eit år til det neste vert på meir enn kr. 300.- per innbyggjar. Ein stor reduksjon som følgje av endring i kostnadsnøklane og redusert basistilskotet vil såleis kunne gje tilskot frå INGAR-ordninga i 2017. Som følgje av at dette er vanskeleg å rekne ut, har vi vald å ikkje budsjettere med inntekter frå INGAR-ordninga i 2017. Vi ventar ingen andre vesentlege endringar i rammetilskotet for 2017 samanlikna med 2016.

## 6.2 Renter, avdrag og utvikling i langsiktig gjeld



Basert på framlegg til investeringar i kap. 8 lenger bak har vi prøvd å berekne utviklinga i renteutgifter, avdrag og langsiktig gjeld. Utgangspunktet er Norges Bank sin forventa rentebane per 31.12.2016 for dei neste åra:


Rentebanen tilseier styringsrente på omtrent 0,50% i 2016, 0,25% i 2017 og 2018, 0,75% i 2019 og 1,00% i 2020.



For å finansiere investerings-framlegg i kap. 8 vil gjelda til kommunen auke frå totalt kr 445 mill. per 31.12.2015 til kr 787 mill. per 31.12.2020.

Det er gjeld knytt til investeringane i Vassverk og Avlaup som vil auke mest.

Total gjeld per innbyggjar vil auke frå 57.000,- per 31.12.2015 til kring 90.000,- per innbyggjar per 31.12.2020. Dette inkluderer formidlingslån (startlån).



Netto renter, avdrag og avskrivningar vil basert på forventa investeringsnivå og forventa utvikling i rentenivå bli som følgjer i økonomiplanperioden. Kalkulatoriske renter og avskrivningar VA vert i tabellen vist som minus (dvs. inntektspostar) fordi dei vert overført til sjølvkostrekneskapa innan Vatn. og Avlaup, og finansiert med tilsvarande auke i gebyrinntekter innan VA.

| Avskrivinger, renter og avdrag lån:        | 2016        | 2017        | 2018        | 2019        | Tal i mill kr<br>2020 |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|-----------------------|
| Renter driftsinv. tom. 2015                | 7,8         | 5,6         | 4,9         | 6,4         | 7,0                   |
| Renter nye lån (fom. 2016)                 | 1,0         | 2,5         | 3,9         | 7,0         | 8,9                   |
| Avdrag driftsinv. tom. 2015                | 13,2        | 13,2        | 12,9        | 12,6        | 12,5                  |
| Avdrag nye lån (fom. 2016)                 | 1,5         | 4,5         | 7,2         | 9,5         | 11,0                  |
| Motpost kalk. avskr. kommunale bygg        | -2,3        | -2,3        | -2,3        | -2,3        | -2,3                  |
| Kalkulatoriske renter VA-invest:           | -2,6        | -3,9        | -5,5        | -7,3        | -7,6                  |
| Kalk. Avskrivinger VA:                     | -6,2        | -7,4        | -6,1        | -9,1        | -9,9                  |
| <b>Sum netto avskr., renter og avdrag:</b> | <b>12,4</b> | <b>12,2</b> | <b>15,0</b> | <b>16,8</b> | <b>19,7</b>           |

## 6.3 Inntekts- og utgiftsrammer

Basert på føresetnadene om rammetilskot, skatteinntekter og netto renter og avdragspostane kan vi så rekne oss fram til utgiftrammer som rådmannen basert på delegeringsfullmaka kan fordele vidare til dei ulike tenesteområda eller til avsetning som overskot.

|  | tal i 1 000 kr |                |                |                |                |                |                |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Økonomiplan 2017-2020  | Regnskap 2014  | Regnskap 2015  | Prognose 2016  | Øk-plan 2017   | Øk-plan 2018   | Øk-plan 2019   | Øk-plan 2020   |
| <b>Netto finans / utgiftrammer</b>                           |                |                |                |                |                |                |                |
| <b>Sum skatt og rammetilskot</b>                             | <b>364 664</b> | <b>391 791</b> | <b>408 400</b> | <b>412 420</b> | <b>427 580</b> | <b>443 050</b> | <b>460 500</b> |
| % vekst i skatt og rammetilsk. pr år                         | 5,0 %          | 7,4 %          | 4,2 %          | 1,0 %          | 3,7 %          | 3,6 %          | 3,9 %          |
| Avdrag   | -13 509        | -13 190        | -14 700        | -17 700        | -20 100        | -22 100        | -23 500        |
| Netto avskrivningar  | 8 414          | 8 426          | 8 500          | 9 700          | 8 400          | 11 400         | 12 200         |
| Netto rentepostar  | -2 080         | -1 619         | -1 240         | 300            | 1 200          | -1 600         | -3 800         |
| Eigedomsskatt, utbytte m.m.:                                 | 36 885         | 21 443         | 21 690         | 21 900         | 22 100         | 22 300         | 22 500         |
| <b>Sum andre finanspostar</b>                                | <b>29 710</b>  | <b>15 060</b>  | <b>14 250</b>  | <b>14 200</b>  | <b>11 600</b>  | <b>10 000</b>  | <b>7 400</b>   |
| <b>Netto finans før avsetn. til fond</b>                     | <b>394 374</b> | <b>406 851</b> | <b>422 650</b> | <b>426 620</b> | <b>439 180</b> | <b>453 050</b> | <b>467 900</b> |
| Ramme tenesteområda 2016-nivå                                | 379 472        | 392 351        | 421 700        | 421 700        | 421 700        | 421 700        | 421 700        |
| Til disp til overskot og rammeauke i forh. til nivå i 2016   |                |                | 950            | 4 920          | 17 480         | 31 350         | 46 200         |
| Netto overskot til fond (1,0%):                              | 14 902         | 14 500         | 950            | 0              | 4 400          | 4 500          | 4 700          |
| <b>Rammeøkning / til disp i forh. til nivå i progn. 2016</b> |                |                |                | <b>4 920</b>   | <b>13 080</b>  | <b>26 850</b>  | <b>41 500</b>  |
| <b>Sum utgiftsramme i økonomiplanen</b>                      | <b>379 472</b> | <b>392 351</b> | <b>421 700</b> | <b>426 620</b> | <b>434 780</b> | <b>448 550</b> | <b>463 200</b> |
| Overskot i % av netto finans                                 | 3,8 %          | 3,6 %          | 0,2 %          | 0,0 %          | 1,0 %          | 1,0 %          | 1,0 %          |
| Rammeøkning / til disp i forh. til året før                  | 41 546         | 12 879         | 29 349         | 4 920          | 8 160          | 13 770         | 14 650         |
| Rammeøkning i % i forh. til året før                         | 12,3 %         | 3,4 %          | 7,5 %          | 1,2 %          | 1,9 %          | 3,2 %          | 3,3 %          |

Tabellen over viser driftsramma rådmannen kan delegera til tenestene markert med oransje farge.

I 2017 kan vi auke rammene med kr 4,9 mill. til kr 426,6 mill. Då er det ikkje rekna med overskot for avsetning til driftsfond eller til eigenfinansiering av investeringar. Frå 2018 gjer vi så med referanse til økonomistyringsprinsippa i kap. 4 framlegg om overskot / avsetning til investeringsfond med 1,0%. Avsetninga vert kr 4,4 mill. i 2018, i 2019 kr 4,5 mill og i 2020 kr 4,8 mill. Rest til auke i ramma til tenesteområda i 2018 vert dermed kr 8,16 mill. i forhold til 2017, og ein auke frå nivået i prognosene for 2016 med kr 13,1 mill. I 2019 kan vi auke utgiftsramma med kr 26,85 mill og i 2020 med kr 41,5 mill., begge i forhold til utgiftsnivået i 2016.

Forventa inntektsauke i 2019 og 2020 er større enn i 2017 og 2018 i hovudsak fordi vi føreset større folkevekst i Meland enn nasjonalt i dei yngste årsklassane, noko som gjer at inntektene frå utgiftsutjamninga aukar.

I tillegg reknar vi i 2020 med at veksttilskotet er tilbake på nivået frå 2016.

Alle tal er i faste 2016-prisar.

## 6.4 Rådmannen sitt framlegg til prioritering av nye tiltak

Rådmannen understreka i sin presentasjon for formannskapet 1. juni 2016 eit stort omstilingsbehov, i hovudsak knytt til korleis kommunen leverer og produserer dei direkte publikumsretta tenestene. Som vist i kap. 5.8 har kostnadsauken vore stor innan fleire av tenesteområda dei siste 2 åra, og då særleg innan pleie- og omsorg. Kostnadsauken er og mykje større enn inntektsveksten, med det resultat at vi i 2016 budsjetterer med berre kr 1,0 mill. i overskot mot 14,5 mill. i 2015.

Leiargruppa sitt arbeid med økonomiplanen våren 2016 syntte at det frå tenesteområda fortsatt vert etterspurd auke i midlar til å gjennomføre nye tiltak for å kunne utvikle kommunen sitt tenestetilbod vidare, og for å kunne levere det tenestetilbodet som innbyggjarane etterspør. Oppsummering av tenesteområda sin vurderinga av eigen drift og behov vidare framover er oppsummert i kap. 7. Det avviker til dels mykje frå dei rammer vi har til disposisjon, særleg i 2017. Vi har og statlege satsingsområde vi må ta omsyn til når vi prioritérer dei midlane som vi har til rådvelde.

Det er likevel umuleg å kombinere låg inntektsvekst med fortsatt stor auke i utgiftene, og vi må difor omstille oss for å sikre oss at vi har midlar til å prioritere dei nye tiltaka som verkeleg er naudsynte, og heller redusere drifta i andre deler av verksemda, slik at vi kan gå i balanse og nå dei økonomiske målsetjingane vi har for økonomiplanperioden.

Befolkningsauken er venta å verte høg i tida framover, sjølv om vi fekk redusert vekst i 2015. Tal for 1. halvår 2016 viser større vekst i halvåret enn i heile 2015. Det er viktig at vi kan utvikle tenestetilbodet i trå med veksten. Ein god del av den tilgjengelege realveksten er og bunde opp i vekst på område vi ikkje kan gjere noko med, som til dømes tilskot til private barnehagar. Denne vil auke på grunn av auka barnetal i barnehagane, og at dei i 2017 får ein større andel små barn med høgare tilskotssats enn det er i 2016.

**Ramme til driftsområda - økonomiplan 2017 - 2020 - Rådmannen sin prioritering av tiltak**

| nr | Navn  | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   | Kommentarar   | Tal i heile 1000 kr |
|----|---|--------|--------|--------|--------|---|---------------------|
|    | Til disposjonon - rammeauke per år  | 4 900  | 13 080 | 26 850 | 41 500 |   |                     |
| 1  | Auka tilskot private barnehagar   | 3 000  | -2 100 | 200    | 4 600  | Basert på anslag over utvikling i barnetal.   |                     |
| 2  | Pensjon   | 800    | 1 000  | 1 200  | 1 400  | Ref. kommentar vedr. komm.prop. for 2017.<br>Auka utgifter fordelt på alle tenesteområda  |                     |
| 3  | Stillingsressurs Marihøna Barnehage   | 110    | 110    | 110    | 110    | 30 % assistemstilling frå hausten 2016, ikkje budsjettert   |                     |
| 4  | Ny stillinger PPT   | 850    | 1 250  | 1 250  | 1 250  | Skule og barnehage  |                     |
| 5  | Nye klassar i skulane   | 800    | 2 600  | 4 400  | 5 800  | Samla kostnad nye klassar alle skulane  |                     |
| 5  | Auke i tenestestandard skulane  |        | 1 200  | 2 400  | 3 600  | Basert på ny ressursfordelingsmodell  |                     |
| 6  | Auka satsing på rus og psykiatri  | 450    | 450    | 450    | 450    | Statleg satsing via statsbudsjettet ut over intern prioritering   |                     |
| 7  | Dagtilbod ressurskrevjande teneste  | 400    | 400    | 400    | 400    | Netto økning i forhold til refusjon for ress.kr.tenester  |                     |
| 8  | Kvardagsrehabilitering - Førebyggjande satsing                              |        | 1 200  | 1 800  | 1 800  | Deltaking i nasjonal satsing innan kvardagsrehabilitering. Tiltaket krev auke i ulike fagressursar, prioritert frå 2018.  |                     |
| 9  | Natt-tenesta - auka kapasitet med eitt årsverk                              |        | 600    | 600    | 600    | Samhandlingsreform og utskrivingstakt frå sjukehus set auka krav til sjukepleiar kompetanse innan natt-tenesta. Natt-tenesta handterer både institusjon og heimebuande pasientar. Auka kapasitet med eitt årsverk |                     |
| 10 | Auka husleige Meland Aktiv  | 350    | 350    | 350    | 350    |   |                     |
| 11 | Underfinansiering drift av komm. bygg                                       | 400    | 500    | 600    | 700    |   |                     |
| 12 | Medlemskap industriinkubator  | 150    | 150    | 150    | 150    | Førespurnad direkte til rådmann   |                     |
| 13 | Bergen og omland Reiselivslag   | 250    | 250    | 250    | 250    | Førespurnad direkte til rådmann   |                     |
| 14 | Kommuepsykolog  |        | 800    | 800    | 800    | Tiltak vert iverksett i 2018  |                     |
|    | Sum tiltak som rådmanne vil prioritere                                      | 7 560  | 8 760  | 14 960 | 22 260 |   |                     |
|    | Til disposjon - rammeauke per år til andre nye tiltak / krav til innsparing | -2 660 | 4 320  | 11 890 | 19 240 |   |                     |

Rådmannen vil prioritere driftstiltak i 2017 som spesifisert i tabellen over med til saman kr 7,6 mill i 2017. Netto realauke i inntekter i 2017 samanlikna med 2016 er venta å bli på kr 4,9 mill. , og det er difor behov for å redusere det øvrige driftsnivået med kr 2,6 mill. eller auke inntektene med tilsvarende sum for å kunne balansere eit budsjett i 2017.

I tillegg meiner rådmannen følgjande behov bør løysast i 2017, men tiltaka er ikkje tilstrekkeleg kostnadsrekna, og difor ikkje prioritert i tabellen over.

- Kvardagsrehabilitering
- Velferdsteknologi. Krav frå 2020.  
(Krev både investering i utstyr til brukar og opplæring av personell, samt prosjektleiing)
- Dagtilbod for demente er krav frå 2020, treng lokalar og personell
- Auka driftsutgifter i samband med utbygging av Grasdal og Sagstad skular
- Utskifting av brannbilar, vår del av rente og avdrag som blir ein driftskostnad
- Nye kompetansekrav for brannvesenet
- Fond til utbygging av infrastruktur (mobiltelefon og fiber)

Som følgje av arbeidet med kommunereforma og manglande kapasitet i administrasjonen har rådmannen klart å komme i gang med naudsnyt analyse og tiltak knytt til det omstillingssbehovet desse utfordringane representerer, og har difor i dette økonomiplandokumentet heller ikkje klart noko framlegg til korleis ein skal dekke inn innsparingsbehovet på minimum kr 2,7 mill. for å kunne finne plass til dei tiltaka rådmannen meiner må prioriterast i 2017, anna enn å slå fast at ein må kutte i anna drift i 2017 samanlikna med budsjett 2016. Arbeidet med kor desse kutta skal kome vil administrasjonen prioritere i samband med budsjettarbeidet for 2017 som administrativt vil skje i september og oktober 2017.

I rådmannen sin liste over prioriterte tiltak er det i framlegget kr 4,3 mill. til nye tiltak i 2018, kr 11,9 mill i 2019 og kr 19,2 mill. i 2020 som rådmann ikkje har fordelt på tiltak. Også dette vil rådmannen arbeide vidare med i samband med budsjettarbeidet for 2017.

Rådmannen vil samstundes med framlegget til budsjettet for 2017 legge fram oppdatert tiltaksbudsjett for hele økonomiplanperioden.

## **7 Kommentrar frå tenesteområda til prioriteringar, og til framtidige utfordringar**

### **7.1 Stabar, administrative støttefunksjonar og større interkommunale samarbeid**

Stabar og administrative støttefunksjonar består av administrasjonsstab/rådmannskontoret (inkludert personal, dokumentsentar og resepsjonen), rådgjevarstaben, økonomikontoret, i tillegg til at innkjøpte IKT-tenester og Brannvern vert administrert av desse stabseiningane. Revisjonstenesta og tilskotet til kyrkja ligg og her, i tillegg til alle politikar-relaterte kostnadar.

I økonomiplanperioden vil det dersom det vert positivt vedtak om at Meland kommune skal delta i kommunesamanslåing påløpe ein del arbeid i samband med ny kommunestruktur. I økonomiplanen legg vi opp til at alt dette vert dekka gjennom statlege tilskot .

Det er trond for auke i stillingsressursen på dokumentsenteret i økonomiplanperioden for å dekke opp for løpende auke i arbeidsmengde, men det er usikkert om det er rom for å prioritere dette. Behov for styrking av tilskotet til kyrkja er kommentert i kap. 7.10.

## 7.2 Barnehagedrift

### 7.2.1 Tilskot til private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ein av dei store utgiftspostane til kommunen. Tilskotsatsane er basert på drifta i den kommunale barnehagen 2 år før budsjettåret, samt prognose for barnetal i dei private barnehagane 15. des. i året før tilskotsåret. Det gis også tilskot for oppstart av nye avdelingar i tilskotsåret etter avtale om dette med kommunen. Tilskotet vil dermed i stor grad være gitt i god tid før budsjettåret. Satsane auka monaleg frå 2015 til 2016, og vil fortsatt vere høge i 2017, men som følgje av auke i barnetalet i den kommunale barnehagen frå hausten 2016 vil satsane verte noko lågare frå 2018.

Tabellen nedanfor syner forventa utvikling i barnetal totalt i kommunen og talet på barn i barnehagane i Meland. 1. jan 2016 var det totalt 598 barn i barnehagane i kommunen, som er 81,6% av tal på barn i aldersgruppa 0-5 år i Meland kommune på same tidspunkt, som er 733. Vi føreset at barn som ennå ikkje er fylt eitt år i hovudsak ikkje er i barnehage. Pr 1. januar 2016 er det 33 born i den kommunale barnehagen, medan det er 565 i dei private. Vi reknar med å auke barnetale i den kommunale barnehagen til 36 i økonomiplanperioden, medan resten av veksten kjem i dei private barnehagane.

Vi legg i investeringsbudsjettet opp til investering i ny kommunal barnehage som skal vere ferdig og klar til å bruk hausten 2019. Det er ennå ikkje rekna på konsekvensane av ei slik investering i forhold til tilskotssatsane. I 2015 undersøkte vi maksimal kapasitet i dei private barnehagane, og kom fram til at denne var på ca. 650 barn. Vi har etter denne undersøkinga fått ein auke i talet på små born kontra store. Små barn er meir ressurskrevjande både i forhold til areal og bemanning enn store barn. Dermed er den totale kapasiteten i dag truleg noko lågare enn for eitt år sidan. Vi ligg difor i dag svært nær det totale kapasitetstaket når det gjeld tale på barnehageplassar i Meland kommune.

**Utvikling Barnetal i Meland kommune samanlikna med barnehageplassar 2012 - 2020**

| Folketall pr dato:                      | 01.01.13   | 01.01.14   | 01.01.15   | 01.01.16   | 01.01.17   | 01.01.18   | 01.01.19   | 01.01.20   | 01.01.21   |
|---|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| År                                      | 2013       | 2014       | 2015       | 2016       | 2017       | 2018       | 2019       | 2020       | 2021       |
| Innbyggere 0-2 år                       | 348        | 374        | 373        | 361        | 365        | 378        | 387        | 405        | 418        |
| Innbyggere 3-5 år                       | 367        | 370        | 375        | 372        | 389        | 394        | 405        | 408        | 406        |
| <b>Innbyggere 0-5 år:</b>               | <b>715</b> | <b>744</b> | <b>748</b> | <b>733</b> | <b>754</b> | <b>772</b> | <b>792</b> | <b>813</b> | <b>824</b> |
| Økning i året                           | 29         | 4          | -15        | 21         | 18         | 20         | 21         | 11         |            |
| Økning i % i året                       | 4,06 %     | 0,54 %     | -2,01 %    | 2,86 %     | 2,39 %     | 2,59 %     | 2,65 %     | 1,35 %     | 0,00 %     |
| Barn i kommunale barneh. 1.1 i året:    | 71         | 36         | 30         | 33         | 36         | 36         | 36         | 36         | -          |
| Barn i private barneh. 1.1 i året:      | 458        | 562        | 567        | 565        | 578        | 593        | 613        | 632        | -          |
| <b>Sum barn i barnehage 1.1 i året:</b> | <b>529</b> | <b>598</b> | <b>597</b> | <b>598</b> | <b>614</b> | <b>629</b> | <b>649</b> | <b>668</b> | <b>-</b>   |
| Endring kommunale i løpet av året:      | -35        | -6         | 3          | 3          | -          | -          |            |            |            |
| Endringar private i løpet av året       | 104        | 5          | -2         | 13         | 15         | 20         | 25         | 25         |            |
| <b>Sum endringar i løpet av året:</b>   | <b>69</b>  | <b>-1</b>  | <b>1</b>   | <b>16</b>  | <b>15</b>  | <b>20</b>  | <b>25</b>  | <b>25</b>  |            |
| Økning i %                              | 13,0 %     | -0,2 %     | 0,2 %      | 2,7 %      | 2,4 %      | 3,2 %      | 3,9 %      | 3,7 %      |            |
| Andel barnehageplassar av barn 0-5 år:  | 74,0 %     | 80,4 %     | 79,8 %     | 81,6 %     | 81,4 %     | 81,5 %     | 81,9 %     | 82,2 %     |            |

I løpet av 2016 reknar vi med ei auke i talet på barn i barnehagane med 16, medan veksten i talet på barn under 5 år er rekna å verte 21. Vi legg til grunn i økonomiplanen at veksten i talet på barnehagebarn omtrent vil svare til den forventa veksten i barn i aldersgruppa 0 – 5 år, slik at vi 1. januar 2020 har totalt 668 born i barnehagane i Meland kommune, noko som er 82,2 % av prognosene for talet på barn i aldersgruppa 0 – 5 år. Basert på berekningane ser vi at vi får ein liten nedgang i satsane per born i 2017 i forhold til 2016, og ytterlegare reduksjon i 2018 og 2019. Sjå tabellen under.

#### Satsar private barnehagar i Meland kommune i økonomiplanperioden

| Kommunale satser ordinære barnehager: | 2013     | 2014     | 2015    | 2016    | 2017    | 2018    | 2019    | 2020    |
|---------------------------------------|----------|----------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Små barn:                             | 148 585  | 168 144  | 156 844 | 176 444 | 174 927 | 164 300 | 157 638 | 161 363 |
| Store barn:                           | 70 178   | 80 678   | 73 663  | 84 011  | 82 824  | 76 831  | 73 130  | 75 199  |
| Kapitaltilskudd:                      | 4 100    | 4 864    | 9 500   | 12 262  | 12 262  | 12 262  | 12 262  | 12 262  |
| Sum små barn:                         | 152 685  | 173 009  | 166 344 | 188 706 | 187 189 | 176 562 | 169 900 | 173 625 |
| Sum store barn:                       | 74 279   | 85 542   | 83 163  | 96 273  | 95 086  | 89 093  | 85 392  | 87 461  |
| %-sats private ekskl. Drømmehagen:    | 7/12 92% | 7/12 96% | 98 %    | 100 %   | 100 %   | 100 %   | 100 %   | 100 %   |
|                                       | 5/12 96% | 5/12 98% |         |         |         |         |         |         |
| %-sats Drømmehagen                    | 100 %    | 100 %    | 100 %   | 100 %   | 100 %   | 100 %   | 100 %   | 100 %   |
| %-vis endring i sats frå året før     | 2013     | 2014     | 2015    | 2016    | 2017    | 2018    | 2019    | 2020    |
| Små barn:                             | -16,8 %  | 13,3 %   | -3,9 %  | 13,4 %  | -0,8 %  | -5,7 %  | -3,8 %  | 2,2 %   |
| Store barn:                           | -19,1 %  | 15,2 %   | -2,8 %  | 15,8 %  | -1,2 %  | -6,3 %  | -4,2 %  | 2,4 %   |

| Gjennomsnittlig vekta barnetal som grunnlag for tilskot | 2013       | 2014       | 2015       | 2016       | 2017       | 2018       | 2019       | 2020       |
|---|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Små barn i ordinære barnehagar:                         | 157        | 224        | 224        | 205        | 236        | 246        | 263        | 278        |
| Store barn i ordinære barnehagar:                       | 307        | 310        | 322        | 346        | 339        | 345        | 348        | 350        |
| <b>Sum barn i ordinære barnehagar:</b>                  | <b>463</b> | <b>535</b> | <b>546</b> | <b>551</b> | <b>574</b> | <b>591</b> | <b>611</b> | <b>628</b> |
| Små barn i familiebarnehagar:                           | 15         | 10         | 8          | 4          | 4          | 4          | 4          | 4          |
| Store barn i familiebarnehagar:                         | 3          | 6          | 2          | 3          | 6          | 6          | 6          | 6          |
| <b>Sum familiebarnehagar:</b>                           | <b>17</b>  | <b>16</b>  | <b>10</b>  | <b>7</b>   | <b>10</b>  | <b>10</b>  | <b>10</b>  | <b>10</b>  |
| <b>Sum alle:</b>  | <b>481</b> | <b>551</b> | <b>556</b> | <b>557</b> | <b>584</b> | <b>601</b> | <b>621</b> | <b>638</b> |

| Tilskotsutrekning (mill kr): | 2013        | 2014        | 2015        | 2016        | 2017        | 2018        | 2019        | 2020        |
|------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Små barn (0-2 år):           | 24,0        | 38,3        | 35,9        | 36,6        | 41,8        | 41,0        | 42,0        | 45,5        |
| Store barn (3-6 år):         | 20,5        | 25,0        | 23,5        | 29,4        | 28,7        | 27,2        | 26,1        | 27,0        |
| Kapitaltilskudd:             | 2,0         | 2,7         | 5,2         | 6,8         | 7,2         | 7,4         | 7,6         | 7,8         |
| <b>Sum ordinært tilskot</b>  | <b>46,5</b> | <b>66,1</b> | <b>64,6</b> | <b>72,9</b> | <b>77,7</b> | <b>75,6</b> | <b>75,8</b> | <b>80,3</b> |
| Tillegg og justeringar       | 1,1         | 3,1         | 5,0         |             |             |             |             |             |
| <b>Sum:</b>                  | <b>47,6</b> | <b>69,2</b> | <b>69,6</b> | <b>72,9</b> | <b>77,7</b> | <b>75,6</b> | <b>75,8</b> | <b>80,3</b> |
| Auke frå året før            |             | 21,6        | 0,5         | 3,2         | 4,8         | -2,1        | 0,2         | 4,6         |
| Auke frå året før i %        | -           | 45,4 %      | 0,7 %       | 4,7 %       | 6,6 %       | -2,7 %      | 0,2 %       | 6,0 %       |

Det totale tilskotet vil likevel auke som følgje av at vi i 2017 får fleire små barn og færre store samanlikna med 2016. Satsane for små born er omtrent det doble av satsane for store born.

Dermed aukar tilskotet i 2017 med kr 4,8 mill. til kr 77,7 mill., samanlikna med ein prognose på kr 72,9 mill. i 2016. Budsjettet for 2016 er kr 1,8 mill. høgare enn prognosene på kr 72,9 mill. tilseier, slik at budsjettauken frå 2016 til 2017 vert på kr 3,0 mill. I 2018 vil vi få ein liten nedgang til kr 75,6 mill og i 2019 til kr 75,8 mill. Berekingane for 2018 og framover er imidlertid noko meir usikre enn tala for 2017.

## 7.2.2 Kommunal barnehagedrift

I økonomiplanen legg vi til grunn at Marihøna barnehage vert drive vidare som i budsjettåret 2016, men med ein viss auke i bemanninga frå 1. august 2016 for å kunne ta inn ein større andel små barn enn det som barnehagen har hatt tidlegare. Vi legg opp til at barnetalet i økonomiplanperioden vert som hausten 2016, med totalt 36 barn der halvparten er små og halvparten store. Ved etablering av ny kommunal barnehage frå hausten 2019 vert Marihøna nedlagt.

### 7.2.3 Driftstiltak barnehage – private og kommunal drift

Følgjande framlegg til nye driftstiltak er fremja frå tenesteområdet. Auken i tilskot til private barnehagane kan vi ikkje velje vekk, og stillingsauke i Marihøna og tilsetting i PPT vert gjennomført hausten 2016 og må vere med i prioriterte framlegg i økonomiplanen.

| Økonomiplan 2017 - 2020: Framlegg til nye tiltak frå Barnehagesektoren |   |              |               |              |              |   |
|--|---|--------------|---------------|--------------|--------------|---|
| nr.  | Framlegg til tiltak                     | 2017         | 2018          | 2019         | 2020         | Kommentarer   |
| 1  | Auka tilskot private barnehagar         | 3 000        | -2 100        | 200          | 4 600        | Basert på anslag over utvikling i barnetal, og dagens modell for berekning av tilskot.                        |
| 2  | Lærling                                 | 150          | 160           | 260          | 300          | 1 Ny lærling BUB faget i samsvar med å auke opp tal lærlingar Denne er ikke budsjettert                       |
| 3  | 30% Auke i assistentstilling i Marihøna | 110          | 110           | 110          | 110          | Gjelder fra august 2016. Ikkje budsjettert i 2016   |
| 4  | PPT ansatt                              | 450          | 450           | 450          | 450          | Stillingsauke fra august 2016   |
| 5  | Spesialpedagog                          | 450          | 450           | 450          | 450          | Ny stilling fra 2017  |
| 6  | ICDP tverrfaglig arbeid                 | 50           | 50            | 50           | 50           | Satsingsområde i barnehageplanen og for sentrale føringar. Dekker utgifter til overtid for sertifiseringskurs |
| 7  | Auke av styrka midlar                   | 900          | 900           | 900          | 900          | Disse midlane vurderes mot faktisk behov fra år til år.   |
| <b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>                             |   | <b>5 110</b> | <b>20</b>     | <b>2 420</b> | <b>6 860</b> |   |
|  |   |              |               |              |              |   |
| nr.  | Prioriterte tiltak:                     | 2017         | 2018          | 2019         | 2020         |   |
| 1  | Auka tilskot private barnehagar         | 3 000        | -2 100        | 200          | 4 600        | Basert på anslag over utvikling i barnetal, og dagens modell for berekning av tilskot.                        |
| 3  | 30% Auke i assistentstilling i Marihøna | 110          | 110           | 110          | 110          | Gjelder fra august 2016. Ikkje budsjettert i 2016   |
| 4  | PPT ansatt                              | 450          | 450           | 450          | 450          | Stillingsauke fra august 2016   |
| <b>Sum prioriterte tiltak</b>  |   | <b>3 560</b> | <b>-1 540</b> | <b>760</b>   | <b>5 160</b> |   |

## 7.3 Skulane i Meland

### 7.3.1 Elevtalsutvikling og utvikling i talet på klassar i økonomiplanperioden

Basert på tal på elevar i skulen og folkeregisteruttrekk av talet på born under skulepliktig alder har vi laga fylgjande prognose for tal elevar i dei ulike årsklassane:

| Forventa elevutvikling basert på skuleår 16/17 |                             |            |            |            |            |                             | Elevar i klassen pr klassetrinn 16/17: |            |            |            |                        |           |            |           |              |  | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 |  |  |
|--|-----------------------------|------------|------------|------------|------------|-----------------------------|--|------------|------------|------------|------------------------|-----------|------------|-----------|--------------|--|---|---|---|---|---|---|---|---|---|----|--|--|
| Born fødd pr år:                               | 2015                        | 2014       | 2013       | 2012       | 2011       | 2010                        | 2009                                   | 2008       | 2007       | 2006       | 2005                   | 2004      | 2003       | 2002      | 2001         |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |
| <b>Grasdal skule</b>                           | 21                          | 19         | 28         | 28         | 36         | 24                          | 24                                     | 29         | 11         | 27         | 17                     | 11        | 12         |           |              |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |
| <b>Sagstad skule</b>                           | 66                          | 66         | 61         | 80         | 51         | 59                          | 60                                     | 67         | 64         | 50         | 46                     | 41        | 48         |           |              |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |
| <b>Meland Ung.skule</b>                        | 87                          | 85         | 89         | 108        | 87         | 83                          | 84                                     | 96         | 75         | 77         | 53                     | 44        | 60         | 41        | 45           |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |
| <b>Vestbygd skule</b>                          | 25                          | 23         | 30         | 22         | 28         | 18                          | 34                                     | 23         | 28         | 32         | 31                     | 26        | 24         |           |              |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |
| <b>Rossland skule</b>                          | 11                          | 13         | 13         | 11         | 12         | 19                          | 17                                     | 16         | 17         | 17         | 16                     | 19        | 17         |           |              |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |
| <b>Rossl. ungd.skule</b>                       | 36                          | 36         | 43         | 33         | 40         | 37                          | 51                                     | 39         | 45         | 49         | 37                     | 34        | 41         | 37        | 30           |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |
| <b>TOTAL</b>                                   | <b>123</b>                  | <b>121</b> | <b>132</b> | <b>141</b> | <b>127</b> | <b>120</b>                  | <b>135</b>                             | <b>135</b> | <b>120</b> | <b>126</b> | <b>90</b>              | <b>78</b> | <b>101</b> | <b>78</b> | <b>75</b>    |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |
| <b>Skuleåret 2016/17:</b>                      | <b>Elevtal 1-7 klasse :</b> |            |            |            | <b>804</b> | <b>Elevtal 8-10 klasse:</b> |  |            |            | <b>254</b> | <b>Elevtal totalt:</b> |           |            |           | <b>1 058</b> |  |   |   |   |   |   |   |   |   |   |    |  |  |

Ut frå dette oversynet kan vi summere elevtal per skuleår i økonomiplanperioden. Vi får ein vekst per år framover på mellom 31 og 43 born per år. I tabellen er sum skuleborn i teljinga (inkl. tal på barn i private skular) samanlikna med prognose for folketalsvekst for aldersgruppa 6-15 år. Det er etter oppjustering av folkeveksten til ny prognose frå SSB per 21. juni 2016 eit mindre avvik mellom venta folketaksutvikling i

aldersgruppa og våre anslag for vekst i elevtal. Folketalsutviklinga er litt høgare enn elevtalsutviklinga, og det kan innebere at vi får høgare klassetal enn skulane har rekna med i sitt økonomiplanarbeid.

| Born fødd i år:                                 | 01-10        | 02-11        | 03-12        | 04-13        | 05-14        | Endringar per år: |           |           |           |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|-------------------|-----------|-----------|-----------|
| Elevtal - sum per skuleår:                      | 2016-17      | 2017-18      | 2018-19      | 2019/20      | 2020/21      | 17-18             | 18-19     | 19-20     | 20-21     |
| Grasdal skule                                   | 143          | 168          | 179          | 180          | 188          | 25                | 11        | 1         | 8         |
| Sagstad skule                                   | 387          | 397          | 431          | 442          | 444          | 10                | 34        | 11        | 2         |
| Meland Ung.skule                                | 146          | 145          | 157          | 174          | 205          | -1                | 12        | 17        | 31        |
| Vestbygd skule                                  | 192          | 194          | 185          | 183          | 178          | 2                 | -9        | -2        | -5        |
| Rossland skule                                  | 121          | 114          | 109          | 105          | 101          | -7                | -5        | -4        | -4        |
| Rossl. ungd.skule                               | 108          | 112          | 112          | 120          | 131          | 4                 | -         | 8         | 11        |
| <b>TOTAL</b>                                    | <b>1097</b>  | <b>1 130</b> | <b>1 173</b> | <b>1 204</b> | <b>1 247</b> | <b>33</b>         | <b>43</b> | <b>31</b> | <b>43</b> |
| Elevar i private skular:                        | 76           | 76           | 76           | 76           | 76           | -                 | -         | -         | -         |
| <b>Sum skuleborn pr skuleår:</b>                | <b>1 173</b> | <b>1 206</b> | <b>1 249</b> | <b>1 280</b> | <b>1 323</b> | <b>33</b>         | <b>43</b> | <b>31</b> | <b>43</b> |
| Tal barn 6-15 år i befolkningssprog. pr 1. juli | 1 183        | 1 225        | 1 274        | 1 322        | 1 367        |                   |           |           |           |
| Avvik tal på skuleborn og befolkningssprogn.:   | -10          | -19          | -25          | -42          | -44          |                   |           |           |           |

Det som i hovudsak er kostnadsdrivaren for skulebudsjettet er talet på klassar. Grovt kan vi rekne lærarressursar på kr 1,0 mill. per klasse på barnetrinnet og 1,4 mill. per klasse på ungdomstrinnet til drift. I skuleåret 2016/17 reknar vi med at det i Meland kommune vert totalt 62 klassar ved dei 5 skulane. I skuleåret 2020/21 har vi ein prognose som synar at vi treng 70 klassar, ein auke på 8. Gjennomsnittleg elevtal per klasse er i skuleåret 2016/17 reknar vi med vert på 17,7, og denne er berekna å halde seg omtrent på dette nivået i økonomiplanperioden.

| Sum klassar pr skule pr år: | 16/17     | 17/18     | 18/19     | 19/20     | 20/21     | Endring frå året før: |          |          |          | Sum<br>Auke |
|-----------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------------------|----------|----------|----------|-------------|
|                             |           |           |           |           |           | 17/18                 | 18/19    | 19/20    | 20/21    |             |
| Grasdal skule               | 11        | 12        | 13        | 13        | 13        | 1                     | 1        | -        | -        | 2           |
| Sagstad skule               | 19        | 20        | 22        | 22        | 23        | 1                     | 2        | -        | 1        | 4           |
| Meland US                   | 6         | 6         | 6         | 7         | 8         | -                     | -        | 1        | 1        | 2           |
| Vestbygd skule              | 13        | 13        | 13        | 13        | 13        | -                     | -        | -        | -        | -           |
| Rossland skule              | 13        | 13        | 13        | 13        | 13        | -                     | -        | -        | -        | -           |
| <b>Sum pr trinn</b>         | <b>62</b> | <b>64</b> | <b>67</b> | <b>68</b> | <b>70</b> | <b>2</b>              | <b>3</b> | <b>1</b> | <b>2</b> | <b>8</b>    |
| Gj.snitt elever pr klasse:  | 17,7      | 17,7      | 17,5      | 17,7      | 17,8      |                       |          |          |          |             |

I tillegg til elevtalsauke, står skulane ovanfor utfordringar kvart år med auka tal på born som ynskjer bokmål som målform. Dette får konsekvensar for talet på klassar på kvar skule, og behov for klasserom. Vi legg til grunn at vi klarer å løyse utfordringane med omsyn til språkdeling innanfor klassettalet i tabellen over, då det etter kvart vert 2 klassar på kvart trinn per skule unnateke Barneskulen på Rossland.

Det er venta at elevtalet aukar mest på Grasdal (55) og Sagstad (57) i økonomiplanperioden, men auken i klassetal vert størst på Sagstad der vi reknar med 4 nye klassar i økonomiplanperioden. På Grasdal og Vestbygd balanserer elevtalet i kulla som skal begynne på skulen i åra framover slik at det er usikkert kor mange klassar det er trong for, men vi føreset 2 nye klassar per skule. Auken kan koma tidlegare med større tilflytting enn rekna med. Det er og usikkert kor mange barn som vel å gå på private skular.

Behov for rammeauke til 8 nye klassar i økonomiplanperioden i skulane er rekna til å verte kr 0,8 mill. i 2017, 2,6 mill. i 2018, 4,4 mill. i 2019 og 5,8 mill. i 2019, alt samanlikna med driftsnivået i 2016. Sjå framlegg til driftstiltak frå skulane i tabellen nedanfor.

| Økonomiplan 2017 - 2020: Framlegg til nye tiltak frå skulane |   |              |              |               |               |  |
|--|---|--------------|--------------|---------------|---------------|--|
| nr.  | Navn på tiltak  | 2017         | 2018         | 2019          | 2020          | Kommentarer  |
| 1  | Vestbygd skule - auke timetal.                            | 250          | 250          | 250           | 250           | Fra 2015 er 1.klassekullet på 34 elevar, slik at ein ikkje kan slå saman klassar slik som tidlegare. Treng ekstra ressursar for å dekke opp for dette.   |
| 2  | Grasdal - Utvida assistentressurs                         | 250          | 250          | 250           | 250           | Behov for ekstra ressursar knytt til elevar med spesielle behov.   |
| 3  | Ekstra spesped.-ressurs felles for skulane                | 1 000        | 1 000        | 1 000         | 1 000         | Til nye elevar/vedtak som ikkje er kjend i budsjettarbeidet.   |
| 4  | SFO- Ekstra ressurs felles for skulane                    | 500          | 500          | 500           | 500           | til nye elevar som ikkje er kjend i budsjettarbeidet. Jmf sfø-vedtekter. Summen gjeld totalt 1 stilling fagarbeider  |
| 5  | Auka ressurs læremidlar alle skulane                      | 750          | 750          | 1 000         | 1 000         | 100' pr skule. Auka behov for digitale læremidler, som lisensar, tavlebøker, oppdaterte fagplaner etter 2013, som ikkje er lagt inn i rammene til skulane. I tillegg kjem ny læreplan frå ca 2019-2020, og vil kreve auka ressursar.   |
| 6  | Skulebasert kompetanseutvikling (Etterutdanning)          | 100          | 100          | 100           | 100           | Finnes ikkje sentrale midlar til etterutdanning.   |
| 7  | Auke i tenestestandard ut frå ressurs                     | 2 400        | 2 400        | 2 400         | 3 600         | Skulane har definert felles nøkkeltall som eit grunnlag for å drive lovleg og forsvarleg opplæring. Tala er samla for alle skulane og fordeling mellom skulane må vurderast kvart budsjettår. Etter eventuell omfordeling mellom skulane har vi skuleåret 2015/2016 4 lærarstillinger for lite. Tala her angir auke med to stillingar i 2016 og nye to i 2017. Ikke midlar i 2016 til iverksetting av modellen ut over intern omfordeling av eksisterande ressursar. |
| 8  | PPT-kontoret  | 800          | 800          | 800           | 800           | Har for lite bemanning i forhold til behov i barnehagen og i skulen. Vurdere i samband med psykolog-stilling innan PLOMS. Har ikkje tid til å drive vegleiting og rådgjeving.  |
| 9  | Sagstad skule   | 400          | 1 200        | 2 400         | 2 400         | Klasseauke fram til og med hausten 2018. Kjem to klassar hausten 2018.   |
| 10   | Grasdal skule   | 400          | 1 400        | 1 400         | 1 400         | Auke med ein klasse hausten 2017 og ein hausten 2018, stabilt etter dette.   |
| 11   | Meland ungd.skule   |              |              | 600           | 2 000         | Ein ny klasse frå hausten 2019 og ein ny hausten 2020, men det skal ikkje store endringar i elevtal til før vi kan få tre klassar også frå hausten 2018. Avgjerande vil vere kor mange elevar som byrjar i private skular, og netto innflytting innanfor kvar aldersklasse.  |
| 12   | Rossland skule  |              |              |               |               | Stabilt klasstal i års som kjem, men elevtalet går ned.  |
| 13   | Vestbygd skule  |              |              |               |               | Stabilt klasstal i års som kjem.   |
| 14   | Renter og avdrag nye skulebygg                            | ?            | ?            | ?             | ?             | Sjå eigen liste over kva investeringar dette gjeld.  |
| <b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>                   |   | <b>6 850</b> | <b>8 650</b> | <b>10 700</b> | <b>13 300</b> |  |
| <hr/>  |   |              |              |               |               |  |
| nr.  | Prioriterde tiltak:                                       | 2017         | 2018         | 2019          | 2020          |  |
| 1  | Nye klassar alle skulane                                  | 800          | 2 600        | 4 400         | 5 800         | Samla kostnad nye klassar på Vestbygd, Sagstad, Grasdal og Meland Ungd.skule, samt noko styrking av spes.ped ressursar på skulane.   |
| 2  | Auke i tenestestandard ut frå ny ressursfordelingsmodell. |              | 1 200        | 2 400         | 3 600         | Rådmann prioriterer denne satsinga i skulen, men først frå 2018  |
| 3  | PPT-kontoret - auka stillingsressurs                      | 400          | 800          | 800           | 800           | Rådmann prioriterer ressursauken frå 2017  |
| <b>Sum prioriterte tiltak</b>                                |   | <b>1 200</b> | <b>4 600</b> | <b>7 600</b>  | <b>10 200</b> |  |

### 7.3.2 Felles ressursfordelingsmodell for grunnskulen i Meland

På oppdrag frå rådmann, har tenesteområdeleiarane og rådgjevar for skule, utarbeidet ein felles ressursfordelingsmodell for skulane. Formålet med ein slik modell er:

- Bruke felles aksepterte nøkkeltall/kriterier for ressursfordeling
- Bruke modell til å ujamne forskjellar mellom skulane
- Bruke modellen til å møte dei nye utfordingane skulane står overfor
- Bruk modellen som grunnlag ved tildeling av ressursar til skulane

Modellen skal sikre stabile og føreseielege rammar over tid. Kostra viser at andel elevar som får spesialundervisning i Meland aukar, og er no på 13%. Tilsvarande er andelen for Kostragruppe 8 på 8,2% og gjennomsnittet for landet (utanom Oslo) er 7,9%. Andelen i Meland har auka med 1,5% frå 2014 medan det er reduksjon både i Kostragruppa og nasjonalt. Ein av fleire drivrarar bak eit slik auke er dei økonomiske. For å snu denne utviklinga er skulane avhengig av dei ikkje tapar økonomisk dersom dei klarar å redusere andel elevar med spesialundervisning. Tilpassa opplæring er ein del av den ordinære undervisninga. Modellen er tenkt å sikre skulane den basis dei treng for å gje tilpassa opplæring.

Framlegget til ressursauke i økonomiplanen gjeld samla for alle skulane og det må gjerast ei vurdere av fordeling kvart budsjettår. Det vil over tid arbeidast for ein omfordeling av ressursar mellom skulane. Samla sett manglar skulane fire lærarstillingar for implementering av ønska ressursnivå. Tiltaket er teke med som framlegg frå 2017 med auke med to stillingar frå hausten og nye to i 2018. I 2017 er det ikkje prioritert midlar til iverksetting av modellen ut over intern omfordeling av eksisterande ressursar.

### **7.3.3 Grasdal skule**

Elevtalet ved skulen er raskt aukande. Frå august 2016 til 2020 aukar vi med 55 elevar frå 143 til 188 elevar, og den største auken kjem til skulestart 2017, då vi aukar totalt med 25 elevar. Slik utviklinga har vore dei siste åra, er det sannsynleg at vi kan forvente ei deling i målform på kvart steg i bokmålgruppe og ei nynorskgruppe. Vi har budsjettert med ein ny klasse hausten 2017 og ein hausten 2018, og sannsynlegvis stabilt etter dette i økonomiplanperioden med to parallellear på kvart trinn. Vi vil oppleve ei auke i skyssutgifter grunna farleg skuleveg og transport til symjeopplæring. Det vil vera avgjeraende for ein trygg skuleveg at fylkesvegen mellom Fosse og Moldekleiv vert utbetra raskt som del av Nordhordlandspakken. Oppstart av bygging i regulerte boligområde i vår skulekrins etter dette vil gi eit enno større elevtal i denne økonomiplanperioden.

Frå juni 2016 er skulen også ein byggeplass og det vil by på ekstra utfordringar i skuleåret 2016/17. Det er vedteke modulbygg med 4 klasserom, grupperom og kontor til helsesøster i denne perioden. Personalalet, elevar og foreldre ser fram til nybygg og ombygging for å skape eit enno betre læringsmiljø frå 2017 og framover. Det vil også vera behov for auka ressursar til pultar, stolar og læremidlar.

Det er nødvendig med prioritering av pedagogisk utviklingsarbeid og eit godt læringsmiljø for alle elevane i heile kommunen for å kunne realisere mål om betre læringsresultat og satsing på lesing og realfag.

### **7.3.4 Meland Ungdomsskule**

Meland ungdomsskule har dei komande åra elevtal på litt over 60 elevar per skuleår. Skuleåret 2016/2017 reknar vi med at vi har totalt 146 elever ved skulen, aukande til totalt 205 i 2020/2021. Tala er noko usikre, og avhengig av kor mange som vel å gå i private skular. Når det likevel er rekna med berre to klassar per trinn fram til 2019, byggjer det på forventning om at foreldre søker mot privatskular. Det er ei utfordringa at vi ikkje veit kva elevtalet vert før nokre månader før skulestart, som følgje av muligheita til å velje private alternativ.

Skulen nyttar per i dag lokalitetar for kroppsøvingsfaget og valfag på Frekhaug folkehøgskule og i Meland aktiv. Denne ordninga gjer at vi må nytte undervisningstid til å gå til og frå lokalitetane utanfor skulen sitt område. Dette har også FAU tatt opp som ein lite tilfredstillande ordning, og presisert behovet for kroppsøvingslokalitetar.

### **7.3.5 Sagstad skule**

Sagstad skule er ein barneskule med eit forventa elevtal på 385 elevar hausten 2016. Den største utfordringa for skulen i økonomiplanperioden er at elevtalet framleis er aukande og prognosane tilseier at elevtalet aukar til 444 elevar skuleåret 2021/2021.

Skulen forventar låg vekst i elevtalet hausten 2016 og hausten 2017, før ein får ei kraftig auke hausten 2018. Talet på klassar i økonomiplanperioden er noko usikker, sidan språkdeling vil vere avgjerande for klassetalet. Tendensen dei siste åra har vore at rundt 1/3 av elevane skal ha bokmål. Dersom denne tendensen held seg vidare, kan vi forvente ein utvikling i klassetal som i pkt. 7.5.1 over. Auka elevtal gjev skulen ei utfordring i samband med auka kostnader til lærebøker, lisensar og anna undervisningsmateriell.

I juni 2016 startar utbygginga av Sagstad skule. Dette vert ein utfordrande periode der 2/3 av elevar og tilsette må flytte i brakker fram til utbygginga skal vere ferdig rundt juletider 2017. I samband med auka elevtal i økonomiplanperioden vil det være behov for investeringar i pultar og stolar. Det er ønskjeleg at dette kjem på plass i samband med utbygginga.

Talet på born i SFO ser ut til å halde seg stabilt i økonomiplanperioden.

### **7.3.6 Rossland skule**

Rossland skule er ein 1-10 skule med svakt synkande elevtal. Klassetalet vert stabilt i økonomiplanperioden. Det vert ein klasse på kvart trinn på barnetrinnet, og to parallellear på ungdomstrinnet. Rossland skule har ikkje språkdeling på barnetrinnet.

Det er trond for oppgradering av materiell, stolar og pultar i perioden.

### **7.3.7 Vestbygd skule**

Vestbygd skule er ein barneskule med 190 elevar hausten 2016. Det er då ein klasse på 1. trinn og to klassar med språkdeling på alle trinn elles. Elevtalet ser ut til å vera stabilt i underkant av 200 i økonomiplanperioden. Det vil i perioden vere behov for betydeleg tilrettelegging for elevar med spesielle behov både i skule og SFO.

Krav om språkdeling og store kull på dei fleste trinn gir mindre fleksibilitet i høve til organisering av undervisninga. Det vil vere behov for auka investering i ulike læremidlar framover. Vestbygd skule har dei siste to åra fått fleire tilsette, og det medfører auka press på personalrom og parkeringsareal.

## 7.4 Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan Helse

Kommunale helsetenester er for tida i stor endring. Lenge har lokale tilhøve som folkevekst og befolkningssamansetning vore ei utfordring. Dei nærmaste 2-4 åra er det i tillegg lagt opp til store statlege reformer innan oppgåvefordeling mellom kommunar og sjukehus. Det er varsle endringar i finansieringssystema for fleire av helsetenestene, og Regjeringa er midt i ei større satsing innan rus og psykisk helse der kommunane skal få fleire oppgåver. Vidare er det stor statleg satsing på helsetilbodet til barn og unge, gjennom direkte finansiering over statsbudsjettet, samt ulike tiltaksordningar. Det er og eit nasjonalt mål å styrke fastlegetenesta til å kunne ta inn nye oppgåver, m.a. knytt til tettare oppfølging av pasientar utskreve frå sjukehus, samt delta meir aktivt i førebyggjande helsearbeid. Dette vil krevje fleire fastlegar.

Satsing innan helseområdet kjem og fram gjennom lokale styringsdokument:

- Kommuneplanen for 2014 – 2015 (samfunnssdelen) vart vedteke av kommunestyret i mai 2014. Denne inneheld klare føringar for styrking av førebyggjande helsearbeid, og då spesielt innan helsestasjonstenesta og fysioterapitenesta.
- Kunnskapsdokument folkehelse, vedteke i 2014, nemner spesifikke utfordringar innan områda førebyggjande helsearbeid (friskliv), helsetenester for barn og unge og fysioterapi.
- Temoplan idrett, kultur og folkehelse, vedteke av kommunestyret i januar 2014 har lagt føringar for tilrettelegging av fysisk aktivitet.
- Tenesteavtaler inngått med sjukehusa, vedteke av kommunestyret i 2012. Desse er juridisk bindande for kommunen. I ny revidert tenesteavtale for svangerskap- barselomsorga vert det kommunale ansvaret for oppfølging av mor og barn i samband med fødsel gjort meir tydelig. I praksis får kommunen ei plikt til tettare oppfølging med heimebesök etter fødsel, samstundes som liggetid ved barselavdeling går ned.

Kommunen opplever sterkt vekst i dei yngste årsklassane, og det er naudsynt med bemanningsauke for å dekke opp for auka tenestebehov til denne aldersgruppa. Det er sett i gang eit regionalt samarbeid for frisklivstiltak og lærings- og mestringstilbod for kronisk sjuke. Vidare vert det gjennom budsjettåret lyst ut ulike statlege midlar til tiltak innan helseområdet. Mange av desse tiltaka krev communal eigendel. Kommunen bør derfor sette av nokre midlar til communal medfinansiering for å kunne hente inn statleg medfinansiering av slike tiltak.

Våren 2015 har Regjeringa lansert 2 stortingsmeldingar om kommunalt arbeid innan helsesektoren, ein om folkehelse og ein om primærhelsetenestene.

Stortingsmelding 19 (2014-2015) «Mestring og muligheter» bygger på folkehelsemeldinga frå 2013. Det skal leggas opp til tettare kopling mellom frivilligheten og kommunen sitt arbeid innan psykisk helse, folkehelse, trivsel, livsstil, tilhørighet og lokalsamfunnsutvikling. Vidare skal folkehelsearbeidet vere kunnskapsbasert, og byggje på m.a. lokale oversikter over helsefremmande og helseskadelege tilhøve i kommunen (jfr. Kunnskapsdokument folkehelse, vedteke av kommunestyret i 2014). Det skal også leggast opp til ein meir moderne eldrepolitikk med vekt på aktivitet og deltaking. Stortingsmelding 19 inneholder likevel få konkrete tiltak som kommunen kan spesifisere som tiltak i økonomiplanarbeidet, men det er forventa fleire konkrete tiltak gjennom dei neste statsbudsjettene. Kommunen må regne med at nye tiltak vert finansiert, men det vil truleg vere naudsynt også med prioriteringar innanfor dei rammeløyvingane som kommunen får.

Stortingsmelding 26 (2014-2015) om primærhelsetenesta kom i mai 2015. Denne legg opp til styrking av helse tenester for barn og unge. M.a. varslast ny forskrift om drift av helsestasjon. Det vert lagt opp til styrking av

feltet rus/psykiatri med m.a. mulig overføring av driftsansvar for dei distriktspsykiatriske sentra til kommunane. Innan rehabiliteringsfeltet må kommunane styrke både stillingsressursar og kompetanse, og det er varsle ny finansieringsordning innan kommunale fysioterapitester.

Frå 2017 vert det lovpålagt med kommunalt døgntilbod innan psykisk helsevern. Det er sett i gang eit regionalt prosjekt for å sjå korleis denne oppgåva kan løysast interkommunalt. Det er ikkje satt av midlar i drift av desse tiltaka i økonomiplanen. Grunnen er at det er uklart kva krav kommunane vil få, kva tilbod som vert krevd, og korleis tilbodet skal finansierast. Her må kommunen avvente statlege vedtak.

Frå 2020 vert kommunepsykolog ei lovpålagt stilling. Kommunen har søkt, og fått tildelt, kr 300.000 i statleg støtte for 2016. Dersom kommunen skal lyse ut og tilsette psykolog må det sikrast finansiering i økonomiplanen.

Regjeringa legg opp til at primærhelsetenestene skal vere samlokalisert på tvers av tradisjonelle faggrupper, og at kommunen skal organisere primærhelseteam med fleire faggrupper som har ansvar for pasientane. For meir komplekse problemstillingar skal det etablerast oppfølgingsteam. Konkret gjennomføring og finansiering av desse endringane veit ein pr i dag lite om. Men det er viktig at kommunen, når ein utviklar tenestetilbod, tar høgde for dei endringar som er venta. Denne strukturendringa vil og krevje endring i disponering av bygningar. Helsetenesta sine behov for endring i arealbruk må derfor takast omsyn til. Dette vil gjelde om ein held fram som eigen kommune, men arealbehovet må også takast omsyn til om det blir ny kommunestruktur, der Frekhaug skal ha nærsenterfunksjonar.

| Økonomiplan 2017 - 2020: Framlegg til nye tiltak frå Helsetenesta |  |              |              |              |              |  |
|---|--|--------------|--------------|--------------|--------------|--|
| nr.   | Framlegg til tiltak                        | 2017         | 2018         | 2019         | 2020         | Kommentarer  |
| 1   | Barn og unge                               | 850          | 850          | 1 150        | 1 150        | Det er gjennomført styrking av helsestasjon og skolehelseteneste i 2015 og 2016 utanom økonomiplan, i midlar over statsbudsjettet. Ytterlegare 850.000 er lagt inn som finansiering av kommunepsykolog (føreset statleg tilskott på kr 300.000). Ytterligare 1/2 årsverk innan helsestasjon / skolehelse er lagt inn fra 2019. Evt statlige midler kommer i tillegg.   |
| 2   | Folkehelse og friskliv, utviding av tilbod | 200          | 200          | 200          | 200          | Kommunal fysioterapi for spesifikke målgrupper, fallkurs / kvardagsrehab. / folkehelsetiltak 200.000   |
| 3   | Psykisk helse og rusvern                   | 0            | 600          | 1 200        | 1 200        | Dette saksområdet er særstakt vanskeleg å budsjetttere, grunna varsle lovendringer. Kommunane får plikt til ØH-døgntilbod innan rus/psykisk helse fra 2017; samt innføring av gebyr for liggedøgn for utskrivningsklare pasientar. Det er ikke tatt høgde for dette, vi må føresette statleg fullfinansiering. Det kan vere behov for å revidere dette allerie i budsjettarbeidet for 2017. På lang sikt er det ønskelig å etablere bo-team som kan betjene brukere til fleire av døgnets timer. Dette vil kreve flere årsverk. Kostnadene er vanskelig å beregne, da finansieringen p.t. er uklar. I planen legges inn en communal egenandel fra 2018, men denne må revideres når mer informasjon foreligger. |
| 4   | Eldrehelse og rehabilitering               | 250          | 250          | 250          | 700          | Styrking av legedekning og fysioterapidekning ved Meland sjukeheim grunna fleire korttídsplassar og dårligare pasientar frå sjukhus.   |
| 5   | Kliniske tenester                          | 300          | 500          | 500          | 500          | Klinisk fysioterapi halv heimel i løpet av 2016 innan rammen. Heilårseffekt fra 2017, samt økte leiekostnader. Det er naudsynt å auke kapasiteten i fastlegeordninga i samsvar med folkevekst.   |
| 7   |  |              |              |              |              |  |
| 8   | Styrke forvaltning / administrasjon        | 300          | 400          | 400          | 400          | Behov for ressursar til driftsstøtte, forvaltning, leiing og administrasjon for at tenesteområdet skal fungere. Dette grunna endring i arbeidsomfang, og nye forvaltningsoppgåver frå Staten.  |
| <b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>                        |  | <b>1 900</b> | <b>2 800</b> | <b>3 700</b> | <b>4 150</b> |  |

Dei varsle omstruktureringane gjer det vanskeleg å vere spesifikk i personell- og ressursbehovet i økonomiplanperioden. For ikkje å låse seg til spesifikke tilbod, stillingar eller yrkesgrupper har Helseavdelinga vald å legge fram «pakkeløysingar» i sitt framlegg til tiltak. T.d. vil satsing innan barn og unge kunne krevje ulike yrkesgrupper. Tenesteområdet ønskjer ikkje å låse satsinga til spesifikke yrkesprofesjonar, men heller vurdere dette løpende ut frå innbyggjarbehovet, endringar i sjukehusa sine oppgåver, samt nye nasjonale krav.

Samstundes må ein i planen sikre finansiering av framtidige behov som i dag er kjent, gitt dagens krav og finansieringsmodellar. Sjølv om kommunen må forutsette at nye krav til tenesteleveransar vert statleg finansiert, veit ein at det innan fleire område kan ligge krav om kommunal delfinansiering.

## 7.5 Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan NAV

NAV står for arbeids- og velferdsforvaltning. Nasjonale mål og prioriteringar er at ein ynskjer eit land med små forskjellar og minimal fattigdom. Det sentrale verkemiddelet i innsats mot fattigdom er arbeid. NAV skal kunnskap om dei generelle levekåra i samfunnet og fremje sosial og økonomisk tryggleik, fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. NAV skal ha eit spesielt fokus på barn og unge og deira familiar.

I Hordaland er det satt opp ein eigen levekårsindeks basert på 8 utvalde kriterier mellom anna andel personar i aldersgruppa 18-24 år som mottar sosialhjelp, median bruttoinntekt, utdanningsnivå, sjukefråvær og liknande. I denne levekårsindeksen er Meland kommune rangert som kommune nr 25 i Hordaland og ligg nest sist i Nordhordland. Denne indeksen kan antyde at Meland kommune har utfordringar. Når ein i tillegg veit at fattigdom går i arv (låg inntekt, utdanningsnivå, helse, uførretrygd) er det viktig at NAV med sine tilsette og tilgjengelege verkemiddel prioritær arbeid og innsats riktig.

Når ein ser levekårsindeksar og fattigdomsbilete i stort er busette flyktningar overrepresentert i den gruppa som ligg under fattigdomsgrensa i Norge. Meland kommune skal sikre at busette flyktningar etter introduksjonsprogram er økonomisk sjølvstendige og godt integrert i samfunns- og arbeidsliv. Meland kommune vil arbeide aktivt og systematisk for at fleire av dei busette flyktningane er yrkesaktive og ikkje avhengige av økonomisk sosialhjelp. NAV Meland har etablert eit prosjekt «arbeid først» og har fått skjønnsmidlar frå fylkesmannen til eit prosjektet. I prosjektpersonen vil vi arbeide aktivt for at den enkelte flyktning får nytiggjere seg utdannings- og erfaringsbakgrunn frå heimlandet slik at ein får til ein raskare og meir nyttig tilnærming til arbeidslivet.

Arbeidsløysa i Meland kommune er per april 2016 3,8%. Til samanlikning ligg Hordaland fylke på 3,4% og Lindås kommune på 3,8%. Meland kommune har lenge vore ein av dei kommunane i Hordaland med høgst arbeidsløyse. I dag kan vi seie at Meland kommune ligg meir på nivå med dei andre kommunane det er naturleg å samanlikne seg med. Dette kan fort endre seg.

Meland kommune ligg høgt når det gjeld brukarar som er under arbeidsavklaring. Arbeidsavklaring er ei statleg yting som sikrar folk inntekt i periodar der folk på grunn av sjukdom eller skade har trøng for hjelp frå NAV for å kome i arbeid. Rundt 20% av dei som har arbeidsavklaringspengar i Meland er under 30 år. Meland kommune har ung befolkning og tala frå NAV-statistikken speglar dette.

Enkelt sagt er det slik at for kvar dag ein person er registrert i NAV-systemet aukar sjansen for at personen vert verande i NAV. Tida arbeider mot oss. Arbeid med ungdom uavhengig av yting er difor eit prioritert område i NAV generelt og særskilt i Meland kommune. Kommunestyret har og vedtatt aktivitetsplikt for ungdom på sosialhjelp. NAV Meland har lagt opp eit stramt «regime» rundt ungdom slik at dei ikkje vert gåande som passive mottakarar av ytingar, og i staden vert motivert for arbeid eller skule. NAV Meland har etablert «ungjobb» som er ein møteplass for ledig ungdom.

Ein del av ungdommene våre er vanskelegare å finna høvelege aktivitetar for enn andre. Skal vi sikre ein god aktivitet som kan gje resultat, må ein del av ungdommene fylgjast meir opp i arbeidsretta aktivitet enn det ein kan vente at dei aktuelle arbeidsgjevarane eller avdelingane i kommunen kan gi.

Det vert fortløpande vurdert om dette er eit arbeid der ein og kan samarbeide med dei andre kommunane i området. Det er i økonomiplan for 2016-2019 lagt inn ynskje om ei halv stilling for særskilt å kunne fylge opp dei som ikkje kan nyttiggjera seg ordinære tiltak og utplassering.

Det er frå tenesteområdet lagt inn framlegg til ei forsiktig auke i sosialhjelp. Dette heng saman med auke i arbeidsløysa generelt og auke i folketal.

For økonomiplanperioden 2017-2020 er det lagt inn framlegg til tiltak slik:

| Økonomiplan 2017 - 2020: Framlegg til nye tiltak frå NAV |  |          |            |            |            |            |  |
|--|--|----------|------------|------------|------------|------------|--|
| nr.  | Framlegg til tiltak  | 2016     | 2017       | 2018       | 2019       | 2020       | Kommentarer  |
| 1  | NAV - auke i sosialhjelp   |          | 150        | 200        | 250        | 300        | Folketalsauken vil slå inn med auke i sosialhjelp.   |
| 2  | Arbeid for sosialhjelp og lågterskel-tilbod til sosialhjelpsmottakarar |          | 350        | 350        | 350        | 350        | Planlegg tiltak i samarbeid med Lindås, krev ei stilling. Bør gje innsparing på sosialhjelpsutlegga. |
|  | <b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>                             | <b>0</b> | <b>500</b> | <b>550</b> | <b>600</b> | <b>650</b> |  |
|  | Ingen prioriterte tiltak frå NAV                                       |          |            |            |            |            |  |

## 7.6 Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan Barnevern

Meland kommune vart i 2011 og 2013 styrka med statlege midlar til oppretting av totalt to permanente stillingar i barnevernstenesta. Tilskotet her vert vedteke årleg i samband med budsjetthandsaminga i Stortinget. Etter ei tid vil midlane gå inn i rammeoverføringa til kommunen. For å ta høgde for bortfall av det øyremarka tilskot må det budsjetterast med kr 650.000,- frå 2017 og kr 1.300.000,- frå 2019. Då dette er venta å komme inn som tilsvarande auke i rammetilskotet til kommunen ut over det som i inntektsføresetnadane i kap.5, treng ein ikkje auke nettorammene for å få med desse tiltaka.

Utgiftene til kjøp av tiltakspllassar i barnevernet har vore moderate over fleire år, men vi ser no ei auke i barn som har trong for særskilde plasseringar. Dei barna som vi må ta omsorg for har oftast omfattande skader noko som igjen fører til kostbare plasseringar. Departementet set no fram forslag om at kommunane skal dekke 80% av dei faktiske kostnadane ved plassering i tiltak som dei formidlar. Desse faktorane gjer det sær utfordrande å budsjettera på barnevernsområdet. Ei plassering kan føre til ei utgift på mellom 1.500' til 2.000' på årsbasis. Det er likevel ikkje lagt inn framlegg til auke i ramma utover bortfall av statleg tilskot til stillingar.

| Økonomiplan 2017 - 2020: Framlegg til nye tiltak frå Barnevernstenesta |  |          |            |            |              |              |  |
|--|--|----------|------------|------------|--------------|--------------|--|
| nr.  | Framlegg til tiltak  | 2016     | 2017       | 2018       | 2019         | 2020         | Kommentarer  |
| 1  | Barnevern - bortfall av øyremarka tilskot til 2 stillingar |          | 650        | 650        | 1 300        | 1 300        | Brutto kostn. pr stilling kr 650', som vil mangle finansiering når tiltaket vert lagt inn i kommunane sine rammeoverføringar. Usikkert når og om det skjer, tek det som som tiltak og må eventuelt inn dersom tilskotet faller bort. |
|  | <b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>                 | <b>-</b> | <b>650</b> | <b>650</b> | <b>1 300</b> | <b>1 300</b> |  |
|  | Ingen prioriterte tiltak på Barnevernet                    |          |            |            |              |              |  |

## **7.7 Tiltak og prioritering innan pleie- og omsorg**

### **7.7.1 Meland Sjukeheim**

Sjukeheimen har per 2016 bemanningskapasitet til drift av 39 pasientsenger. Desse er fordelt slik:

- 9 korttids- og rehabiliteringsplassar ved Solkroken.
- 12 plassar for demente ved Lerketunet
- 18 plassar ved langtidsavdelinga ved Nordgardstunet

#### **Nattenesta**

Meland sjukeheim har ikkje lagt inn auke av institusjonsplassar i 2017, men noko auke i drifta av nattenesta. Samhandlingsreform og auke av utskrivingsklare pasientar frå sjukehus med komplisert og samansett sjukdomsbilde stiller krav til sjukepleiekompetanse også innan natt-tenesta. Krav til medisinsk-teknisk kompetanse er aukande i døgnkontinuerleg tenesteyting. Natt-tenesta handterer alle pasientar ved både institusjon og heimeteneste i tidsrom kl. 2145-0715. Det er trøng for auka ramma med kr 0,6 mill. for å sikre forsvarleg tilsyn og tenesteyting på natt. Auka kapasitet ved nattenesta er og i seg sjølv eit førebyggjande tiltak med omsyn til å ta ned press på institusjonsplassar.

Ein legg opp til auke i drifta for 2 plassar ved lindrande eining frå 2018. Dette gjer at heimetenesta i 2017 må ivareta de i målgruppa som ikkje får tilgang til institusjonsplassar her.

Korttidsavdelinga gir i dag teneste ved 9 pasientrom der to rom er tenkt til bruk ved lindrande behandling. Desse to romma har tilknytt to rom til bruk for pårørende slik tilfelle. Drift av dei to romma ved lindrande eining ikkje bemanna tilstrekkeleg opp i høvet til nok og rett kompetanse. Denne ressursauken ligg i økonomiplanen med tiltak frå 2018.

#### **Langtidsavdelinga**

Vidare er det kapasitet ved langtidsavdelinga til å auke opp drifta med 4 ordinære pasientrom. Desse vert i dag midlertidig nyttet til kontor for heimetenesta. For å ta i bruk desse romma til langtidsplassar krev det auke stillingsressurs både dag, helg og kveld (totalt 6 stillinger). Dette tiltaket føreset auka kapasitet ved natt-tenesta slik det er prioritert i 2016 og vidareføring av dette i 2017.

#### **Dagaktivitetstilbod demens**

Frå 2020 er det lovkrav at kommunen skal ha eit dagtilbod til heimebuande personar som lever med demens, relatert til Rundskriv 1-5/2007 Aktiv omsorg. Tilbod til heimebuande personar med demenssjukdom skal m.a. stimulere til eigenmestring tilpassa den einskilde sitt funksjonsnivå slik at ein kan bu heime så lenge som mogeleg kombinert med naudsynt avlastning for pårørande. Framleggget gjeld i første omgang tilbod 2-3 dagar i veka i ein oppstartsfas med 5 plassar. Ein kan her vurdere kjøp av tenester frå private som t.d. på gard / «inn på tunet» osv. Kommunen har utfordringar med lokalitetar knytt til gjennomføring av tiltaket. Det er mogeleg å søkje tilskot til diverse utgifter med omlag 30% per plass.

#### **Anna**

Det er trøng for å auke kapasitet fysioterapi ved institusjon. Opning av tilbygg Meland sjukeheim og auka tal pasientar har til no ikkje vore supplert med auka kapasitet for fysioterapitenester. Det er ei målsetting å satse meir aktivt på korttids- og rehabiliteringsplassar og dette set krav til kapasitet innan fysioterapi.

Meland sjukeheim vil prioritere øvst styrka natt-teneste, jamfør kommentar til ulike satsingar over. Tiltaket er prioritert vidareført i 2017, sjå tabell neste side.

### **7.7.2 Heimetenesta**

Nye reformer dei siste åra har resultert i at oppgåver er overført frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Pasientane har kortare liggetid på sjukehusa og mykje av behandlinga er poliklinisk. Heimetenesta må fylge opp pasientar som er dårlegare enn tidlegare, og nye brukargrupper med meir fagleg krevjande, komplekse og psykososiale behov. Ei sterk heimeteneste kan førebygge funksjonssvikt og sjukdomsutvikling og utsetje innlegging på sjukehus eller sjukeheim. Skal vi klare å gi fagleg gode tenester må vi heve det faglege nivået i heimetenesta, og auke talet tilsette med helse- og sosialfagleg utdanning.

I kommunen sin årsmelding for 2015 er det teke med Kostra-tal og andre nøkkeltal for drifta av Meland heimeteneste. Tenesteyting/økonomi i komande økonomiplanperiode 2017-2020 er framleis sårbar for individulle endringar i tenestebehov. Dette gjeld både kjende brukarar og nye behov jamfør folkevekst. Det er eit sentralt moment at fordeling av økonomisk ramme til tenesteytinga siste åra er om lag 60 % til barn/unge/vaksne og 40% til personar over 67 år.

Meland kommune har frå vår 2015 tatt del i nasjonal satsing/prosjekt innan kvardagsrehabilitering. Prosjektperioden er satt til ut 2016. Arbeidsform vektlegg førebyggjande verksemrd. Brukarane sine eigne erfaringar og ynskje er utgangspunkt for å skape eit godt liv og utvikle gode tenester. Arbeidsform er krevjande ved oppstart og etablering, men har dokumenterte gevinstar. Dette gjev mellom anna meir sjølvstende og betre helse hjå pasientane/heimebuande og gjev ein reduksjon i tal vedtakstimar hjå einskilde i målgruppa. Ein legg opp til ein integrert modell der ein skal samordne arbeid mellom ulike profesjonar som t.d. sjukepleie, fysioterapi og ergoterapi.

Fokus på eigenmestring krev meir tidsressurs og krev difor auka økonomisk ramme. I fylgje statlege føringar skal velferdsteknologi vere ein integrert del av tenestetilbodet i omsorgstenestene innan 2020. Ein har starta arbeidd med kompetanseheving for personalet på dette området, og vil arbeide for ei gradvis innføring av denne tenesta hjå aktuelle brukarar i åra framover.

Både heimeteneste og institusjon har trøng for å effektivisere turnusplanlegging og vikarinnleige. Dette er eit viktig område som har stor økonomisk betydning for drifta og er tidkrevjande. Det er trøng for å samordne dette arbeidet og styrke kompetansen på færre personar. Ein vil nytte interne fagpersonar som skal spesialisere seg på dette, men fører til at vi må kompensere for bortfall av helsefagressurs innan heimetenesta.

Kartlegging syner lovkrav om å vurdere oppjustering av vedtaksnivå når det gjeld avlastning barn/unge. Det er trøng for ei gradvis auke til opp mot kr på 1,2 mill. i økonomiplanperioden. Denne summen inkluderer ikkje med nye behov som følgje av folkevekst. Avlastningstiltak for barn/unge er i seg sjølv eit førebyggjande tiltak med omsyn til å redusere seinare vanskar for dei det gjeld kombinert med å ivareta pårørande.

Meland heimetenesta har auka krav til sakshandsaming og forvaltningsvedtak jamfør prinsipp om beste effektive omsorgsnivå. Forsvarleg kapasitet forvaltning er viktig med omsyn til den samla tiltakskjeda til å fatte enkeltvedtak på rett teneste, med rett nivå til rett tid. I tillegg set auka klagehandsaming og krav til forvaltningskompetanse. Både Meland sjukeheim og Meland heimetenesta bør satse meir aktivt på lærlingar som del av rekrutteringsstrategi innan helsefag. Det er lagt inn framlegg om å auka ramme for å kunne gje eit betre tilbod om lærlingeplassar. I ramme for 2016 er det satt av 300.000 til føremålet, og sum bør aukast med omsyn til neverande og framtidige behov personell. Meland heimetenesta vil prioritere høgast styrka kvardagsrehabilitering jamfør ulike satsingar over.

Sjå tabellen nedanfor med oppsummering av framlegg til tiltak frå sjukeheimen og heimetenesta.

| Økonomiplan 2017 - 2020: Framlegg til nye tiltak frå Pleie- og omsorg |   |              |               |               |               |  |
|---|---|--------------|---------------|---------------|---------------|--|
| nr.   | Framlegg til tiltak   | 2017         | 2018          | 2019          | 2020          | Kommentarer  |
| 1   | 2 pasientrom palliasjon / lindrande behandling  |              | 2 000         | 2 000         | 2 000         | Ressurskrevjande tenesteyting med heildøgnsdrift av 2 pasientrom v/Lindrande eining Solkroken. Sjukepleieressurs døgnbemanna pt stipulert til 3 årsverk. Tiltaket føreset at oppjustering av 1,8 årsverk i Natt-tenesta også vert gjennomført - sjå eige tiltak under. Kan vurdere kombinasjonsbruk av lokale til avlastning og/eller kapasitetsauke rehabilitering.   |
| 2   | Fysioterapi - auke i timetal på sjukeheimen tilsarande 0,5 årsverk  | 300          | 300           | 300           | 300           | Pasienttal har auka siste år utan at ein har auka kapasitet fysioterapi tilsvarende. Satsing på kortid/rehabilitering krev auka stillingsressurs. Behov vurdert til auke med med 50% frå dagens 30% til 80% stilling relatert til institusjonsdrifta.  |
| 3   | Dagaktivitet for heimebuande med demenssjukdom  | 250          | 500           | 750           | 1 000         | Frå 2020 er det lovkrav at kommunen skal ha eit dagtilbod til heimebuande demente. Dagaktivitetstilbod er relatert til Rundskriv 1-5/2007 Aktiv omsorg. Tilbod til heimebuande personar med demenssjukdom skal m.a. stimulere til eigenmestring tilpassa den einskilde sitt funksjonsnivå slik at ein kan bu heime så lenge som mogeleg kombinert med naudsynt avlastning for pårørande. Framleggget gjeld i første omgang tilbod 2-3 dagar i veka i oppstartsfasen med 5 plassar. Ein kan her vurdere kjøp av tenester frå private. Kommunen har utfordringar med lokalitetar knytt til gjennomføring av tiltaket. Kan og søkje tilskot til diverse utgifter med omlag 30% per plass. |
| 4   | 4 nye pasientrom langtid - auke frå noverande 18 til 22 pasientrom.   |              | 1 400         | 2 500         | 3 400         | Auke kapasitet med 2 pasientrom på sjukeheimen frå høst 2018 og ytterlegare 2 rom frå høst 2019. Stipulert stilligsressurs/årsverk pt ved døgnkontinuerlig bemanning. Tiltaket føreset auka kapasitet ved Natt-tenesta jamfør eige tiltak under.   |
| 5   | Kontorlokaler heimetenesta  | ?            | ?             | ?             | ?             | 5 kontorplassar i heimetenestene som følgje av at pasientrom på sjukeheimen vert teke i bruk   |
| 6   | Sekretærressurs   | 200          | 200           | 200           | 200           | ny 40% stilling - øke fra 60%  |
| 7   | Dagtilbod ressurskrevjande teneste  | 400          | 400           | 400           | 400           | Netto økning i forhold til refusjon for ress.kr.tenester   |
| 8   | Kvardsrehabilitering - Førebyggjande satsing med integrert modell - 2 årsverk og ytterlegare 1 årsverk frå 2018 | 1 200        | 1 800         | 1 800         | 1 800         | Meland har frå vår 2015 tatt del i nasjonal satsing/prosjekt innan kvardsrehabilitering. Arbeidsform er krevjande ved oppstart og etablering, men har dokumenterte gevinstar (meir sjølvstende hjå pasientane, betra helse og reduserte vedtakstimer hjå målgruppa) på sikt. Behov vurdert til kapasitetsauke med 2 årsverk sjukepleieressurs og 1 årsverk helsefagarbeidar. I tillegg er det trond for å sikre deltagning via ergoterapi og fysioterapi.  |
| 9   | Administrativ ressurs - turnusplanlegging og vikarinhenting - 1 årsverk.  | 300          | 550           | 550           | 550           | Spesialiserer kompetanse innan turnus/vikarinhenting og omgjering av ansvarsområder internt. Samordninga skal bistå både heimetenesta og institusjon. Er pt vurdert å kreve kompensasjon i tenesteyting v/heimetenesta med samla 1 årsverk helsefagarbeidar.   |
| 10  | Sakshandsaming og forvaltning innan heimetenesta - 1 årsverk.   | 350          | 600           | 600           | 600           | Trond for auka kapasitet forvaltning av lovkrav og vedtaksutredning. 100 % sjukepleiarressurs/3 årig høgskule  |
| 11  | Natt-tenesta - auka kapasitet med eitt årsverk - heilårseffekt frå 2017   | 600          | 600           | 600           | 600           | Samhandlingsreform og utskrivingstakt frå sjukehus set auka krav til sjukepleiar kompetanse innan natt-tenesta. Natt-tenesta handterer både institusjon og heimebuande pasientar. Høgaste prioritet frå tenesteområdet, prioritert med kr 600.000,- frå høsten 2016. Rest er heilårseffekt frå 2017.   |
| 12  | Lærlingsatsing innan helsefag - samla sum for både institusjon og heimetenesta                                  | 150          | 250           | 250           | 300           | Felles satsing innan omsorg - 2 nye med oppstart per år. Eit læringsløp er 2 år. Institusjon startar opp med 1 haust 2015. Kostnad av årlønn med om lag kr. 410.000 er 30% 1 halvår, 40% 2 halvår, 50% 3 halvår og 80% 4 halvår.   |
| 13  | Tiltak avlastning   | ?            | ?             | ?             | ?             | Ny brukar - kostnad usikker - difor ikkje budsjettert.   |
| 14  | Avlastning barn/ungdom både i avlastningsbustad og i heim   | 600          | 800           | 1 000         | 1 200         | Kjøp av spesialisert avlastningsteneste til barn / unge med vedtak. Ikke lagt inn auke hjelpebehov jfr folkevekst.   |
| 15  | Sjukepleieressurs   | 600          | 600           | 600           | 600           | Sjukepleieressurs knytta mot utskrivingsklare pasientar som treng spesialisert behandling i heimen.  |
| 16  | Vernepleie ressurs  | 600          | 600           | 600           | 600           | Ressurskrevande brukarar - spesiell oppfølging, barn og unge.  |
|   | <b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>  | <b>5 550</b> | <b>10 600</b> | <b>12 150</b> | <b>13 550</b> |  |
| <hr/>   |   |              |               |               |               |  |
| nr.   | Prioriterte tiltak:   | 2017         | 2018          | 2019          | 2020          |  |
| 1   | Dagtilbod ressurskrevjande teneste  | 400          | 400           | 400           | 400           | Netto økning i forhold til refusjon for ress.kr.tenester   |
| 2   | Kvardsrehabilitering - Førebyggjande satsing  |              | 1 200         | 1 800         | 1 800         | Meland har frå vår 2015 tatt del i nasjonal satsing innan kvardsrehabilitering. Tiltaket krev auke i ressursar, som sjukepleiestilling, helsefagarbeidar, ergoterapi og fysioterapi. Klarer ikkje prioritere tiltaket før i 2018.  |
| 3   | Natt-tenesta - auka kapasitet med eitt årsverk - heilårseffekt frå 2017   |              | 600           | 600           | 600           | Samhandlingsreform og utskrivingstakt frå sjukehus set auka krav til sjukepleiar kompetanse innan natt-tenesta. Natt-tenesta handterer både institusjon og heimebuande pasientar. Høgaste prioritet frå tenesteområdet, prioritert med kr 600.000,- frå høsten 2016. Rest er heilårseffekt frå 2017.   |
|   | <b>Sum prioriterte tiltak</b>   | <b>400</b>   | <b>2 200</b>  | <b>2 800</b>  | <b>2 800</b>  |  |

## 7.8 Tiltak og prioritering innan kultur

Det er innan kulturområdet trøng for auka satsing på ei rad område.

- **Lag og organisasjoner.**

Det frivillige lag- og organisasjonslivet i Meland kommune er svært viktig for eit godt og aktivt liv i Meland. Svært mange av tilboda vi gjev til innbyggjarane er baserte på eigeninnsats. Laga har større utgifter enn det dei får i støtte gjennom tildelingane av kulturmidlar og det er avgjerande for framtidig drift at støtta vert auka. Spesielt gjeld dette dei som driv eigne hus, kulturminnevernet og innafor song og musikk.

- **Kulturskulen.**

Frå 2006 til 2015 har det vore ein nedgang i talet på elevar frå 317 til 214 grunna auke i lønsutgifter per lærarressurs, utan tilsvarende auke i rammene slik at ein ikkje har vore i stand til å oppretthalde tilbodet. Ventelistene aukar og vi kan ikkje gje tilbod til alle barn som ønskjer å gå på kulturskulen.

Det er spesielt stort trykk på grunnopplæringa og barnedans. Dei som viser stor framgang har i dag ikkje høve til å få utvida undervisningstid frå 20 til 30 minutt. For skuleåret 2015/16 kom det inn 161 nye søknader. Det er stor trøng for auka ressursar til kulturskulen. Rossland skulekorps får i dag høgare dirigentressurs enn Sagstad skulekorps, dette bør jamnast ut ved at ei aukar ressursen til Sagstad med 15%.

- **Biblioteket.**

Meland har stillingsressursar godt under gjennomsnittet, og rundt halvparten av tilrådd nivå nasjonalt. Drifta er svært sårbar, med totalt 2,4 årsverk, og biblioteket kan ikkje levere meir til barnehage og skule utan fleire stillingar. Meirope bibliotek førar òg til meir arbeid når ein skal ta vare på lokalet.

- **Ungdomsarbeid.**

Sidan den gamle ungdomsklubben vart lagd ned har det ikkje vore noko kommunalt fritidstilbod for ungdom. Skal gode og trygge oppvekstvilkår for barn og unge vere eit satsingsområde for Meland kommune, må eit slikt tilbod komme på plass og det trengs midlar til drift, aktivitetar, eigendelar og utstyr. Ungdomsrådet etterlyser ein livsyns- og organisasjonsnøytral plass å vere. Ei satsing må inkludere stillingsressurs i form av ungdomskoordinator, sidan det ikkje er nok personale til å følgje opp ungdom på same nivå som i nabokommunane.

- **Investeringar.**

Forprosjekt Gamle Holsnøy Meieri: Ein skal utgreie meieriet på Frekhaug til kulturføremål, og det skal etter framdriftsplanen settast i gong eit forprosjekt i 2017.

| Økonomiplan 2017 - 2020: Framlegg til nye tiltak frå Kulturtenesta |  |            |              |              |              |  |
|--|--|------------|--------------|--------------|--------------|--|
| nr.  | Framlegg til tiltak                      | 2017       | 2018         | 2019         | 2020         | Kommentarer  |
| 1  | Auke i tilskot til lag og organisasjoner | 200        | 200          | 200          | 200          | I 2015 og -16 auka tilskottet til idrett og friluftsliv, det er no viktig at andre lag og organisasjoner vert støtta med meir midlar, særleg innafor musikk, kulturminnevernet og lagsdrivne hus.  |
| 2  | Dirigentressurs                          | 90         | 90           | 90           | 90           | Utjamne tilbodet mellom skulekorpsa i kommunen.  |
| 3  | Auke i kulturskuletilbodet               |            | 250          | 650          | 650          | Tilbodet er redusert med ca 100 plassar sidan 2006 som følgje av løpende reduserte rammer. Kostnaden er ca kr 5 000 per elevplass per år. Ved ei gradvis auke vil vi komme tilbake til 2006-nivå, men framleis ikkje ta høgd for folketalsauken. Vi bør ha som eit mål å kunne tilby kulturskuleplass til 30% av barna i Meland kommune. |
| 4  | Nytt årsverk biblioteket                 |            | 650          | 650          | 650          | Nøkkeltales seier at det skal vere ein bibliotekar per 1500 innb, dvs 5 årsverk. I dag har vi 2,4 - halvparten av dei stillingane vi bør ha. Drifta er svært sårbar og ein kan ikkje levere meir til barnehage/skule utan fleire tilsette.   |
| 5  | Drift av ungdomsklubb                    |            | 200          | 200          | 200          | Dersom ein skal starte opp ein ungdomsklubb må det vere tilgjengelege midlar til drift, utstyr og aktivitetar  |
| 6  | Ungdomskoordinator                       |            | 650          | 650          | 650          | Ein ungdomskoordinator vil vere svært viktig for å styrke satsinga på barn og unge   |
| <b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>                         |  | <b>290</b> | <b>2 040</b> | <b>2 440</b> | <b>2 440</b> |  |
| Førebels ingen nye tiltak prioritert frå Kultur                    |  |            |              |              |              |  |

## **7.9 Plan, utvikling og kommunalteknikk**

### **7.9.1 Organisering**

Tenesteområdet er oppdelt i følgjande ansvarsområde:

- 600 Administrasjon, egedomsforvaltning og utbygging
- 601 Plan, geodata og oppmåling, delvis finansiert med gebyrinntekter
- 602 Byggesak. Sjølvkostbasert og finansiert med gebyrinntekter.
- 603 Landbruk, natur og miljø
- 610 Drift og vedlikehald kommunale bygg
- 612 Drift og vedlikehald vegar, kaiar, kyrkjegard og plassar
- 613 Reinhold
- 614 Avlaupsreinsing. Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 615 Vassforsyning. Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 616 Slamtømming og feiing.

Både slamtømming og feiing er interkommunale tenester, der alle driftskostnader ligg i samarbeidstiltaket. Meland kommune står for innkrevjing av avgifter. Netto ramme er 0, då desse områda og er sjølvkostbaserte.

### **7.9.2 Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk**

#### **7.9.2.1 Utbygging og forvaltning av kommunen sine eideomar, vegar, vatn- og avlaupsanlegg**

Kommunen eig mange bygningar, store tekniske anlegg og mykje areal, til bruk for innbyggjarane. Trygg og stabil vassforsyning, klasserom fri for muggsopp, avlaupsanlegg som ikkje ureiner og vegar som er framkommelege sommar som vinter, er basis for at det i det heile kan bu folk i kommunen. Det gjeld for gamal og ung, for sjuke og friske, for næringsdrivande og privatpersonar. Det er eit fundament som verken er brukarstyrt eller behovsprøvd.

Dei siste tiåra har kommunen fått fleire vegar å drifte, fleire veglys, fleire bygg å vedlikehalde, fleire vatn- og avlaupsanlegg å drifte, meir kompliserte driftsovervåkingssystem, strengare krav til dokumentasjon og rapportering, høgare krav til brøyting og anna vintervedlikehald, og generelt fleire innbyggjarar med høge forventningar til kvaliteten på kommunale bygg, vegar og anlegg. Tal tilsette innan drift og vedlikehald har stått i ro. Kompetansekravet er høgt, noko som er utfordrande i høve til rekruttering.

Ei særskilt budsjettmessig utfordring er kommunen sitt behov for å leige lokale i andre bygg, m.a. i Meland Aktiv og på Nordhordland Folkehøgskule (basseng). Summane som er sett av er for små i høve til den auka bruken som følgjer med vekst i elevtalet.

I budsjettframlegget er det signalisert eit behov for å auke driftsbudsjettet på grunn av auke i faste kostnader til bygningar og vegar. Det er også signalisert eit behov for å auke vedlikehaldsbudsjettet, då det går eit skilje mellom vedlikehaldsoppgåver som kan finansierast over investeringsbudsjettet og dei som kan finansierast over driftsbudsjettet. Kommunen har ei stor og viktig oppgåve i verdiforvaltning slik at den felles bygnings- og anleggskapitalen vert teken vare på for innbyggjarane.

### **7.9.2.2 Planlegging, byggesaksbehandling, kart og oppmåling, landbruk og miljø**

Meland som lokalsamfunn er avhengig av ein viss vekst både i folketal og næringsliv, for å oppretthalde - og helst vidareutvikle - eit godt tenestenivå. Meland har eit heldig utgangspunkt i så måte, tett på Bergen. Det tyder at kommunen må få dei nyutdanna til å flytte heim att når dei går ut i arbeidslivet, og få familiar til å komme til Meland når dei etablerer seg eller ser seg om etter noko nytt. Det tyder igjen at kommunen må kunne tilby bustadområde som folk finn attraktive, med variert bustadtilbod. Det må vere næringsområde og verksemder som utvikler seg. Det må vere god nok barnehagekapasitet, og god nok skulekapasitet. Ingen ting av dette kjem av seg sjølv.

Om få år er det heilt nødvendig å auke kapasiteten innan kommunal planlegging og plansaksbehandling. Gode utbyggingsplanar, god byggesaksbehandling, nøyaktig planregister og korrekt matrikkelføring er grunnleggjande for at folk skal kunne bu i kommunen, og for kommunen sine skatteinntekter. Det krev høg kompetanse og god nok kapasitet.

Arealdelen til kommuneplanen legg til rette for storstilt nærings- og bustadutbygging. Det er nødvendig å bruke ressursar på større kommunale planer, t.d. Midtmarka (som er i gang), Langeland og Ryland/Vikebø, og sentrumsutvikling. Det er nådvendig å ta imot private utbyggjarar på ein god måte og sørge for effektiv behandling av private reguleringsplanar, med sikte på gode bustad- og næringsområdet for dei som etterpå skal etablere seg og leve liva sine der. Det vil også vere nødvendig å bruke ressursar på samarbeid med Statens vegvesen om vegprosjekt som skal gjennomførast i regi av Nordhordlandspakken.

Eit godt plansystem og effektiv plansaksbehandling krev elles noko budsjettmidlar til konsulenthjelp, då kommunen ikkje har full kapasitet til å drive all planlegging i eigen regi.

### **7.9.2.3 Ureining og tilsyn**

Kommunen har eit stort ansvar for å følgje opp ureiningssaker og forsøpling, og føre tilsyn med ulike private bygg og anlegg. Sakene er tidkrevjande og det er nødvendig å bruke relativt store ressursar for at eventuelle miljøsyndrarar skal bli pålagt å rydde opp etter seg, eller for at ulovlege tiltak blir fjerna. Dersom kommunen sjølv må rydde opp til slutt, kan kostnadene bli store. Administrasjonen er noko uroleg for at desse sakene ikkje får nok prioritet og kva for inntrykk som då blir skapt.

## **7.9.3 Innspel til økonomiplan 2017 – 2020**

Frå avdelinga si side er det særleg problematisk om arealplanlegging ikkje får høgare prioritet. Det vil få negativ innverknad på utbygging av bustad- og næringsområde i heile kommunen og realisering av Nordhordlandspakken. Vidare vil manglande midlar til drift og vedlikehald av bygningar og anlegg på sikt føre til at den kommunale eigedomsmassen forvirrar.

| Økonomiplan 2017 - 2020: Framlegg til nye tiltak frå Plan, utvikling og kommunalteknikk |  |              |              |              |              |   |
|---|--|--------------|--------------|--------------|--------------|---|
| nr.   | Navn                                       | 2017         | 2018         | 2019         | 2020         | Kommentarer   |
| 1   | Drift av kommunale bygningar               | 400          | 500          | 600          | 700          | Etter kvart som bygningsmassen aukar, aukar dei faste kostnadene til driftsstyring, låssystem, forsikringar, straum, reinhald, renovasjon, kommunale avgifter osv.  |
| 2   | Auka husleige i Meland Aktiv               | 350          | 350          | 350          | 350          | Husleiga som kommunen betaler til Meland aktiv for leige av lokale til kulturskulen og skulane er ikkje indeksregulert og har ikkje utvikla seg i takt med den kommunale bruken   |
| 3   | Drift av kommunale vegar                   | 100          | 150          | 200          | 250          | Etter kvart som byggefelta blir ferdigstilte må kommunen ta over dei kommunale vegane for drift og vedlikehald. Nye veglys som følgje av trafikksikringstiltak. Auka faste kostnader til veglys, brøyting, strøying.  |
| 4   | Ny kommunal vaktmester                     | 300          | 650          | 650          | 650          | Til nye skulebygg og drift av bilparken. 50% i 2017 (rest på flyktningebudjettet)   |
| 5   | Vedlikehald kommunale bygg                 | 400          | 600          | 600          | 600          | Revisjonen er kritisk til å bruke investeringsbudsjettet for vedlikehald av kommunale bygningar, og vi må difor auke driftsutgiftene på dette feltet for å ha midlar til å bokføre meir av vedlikehaldet på driftsbudsjettet.   |
| 6   | Vedlikehald kommunale vegar                | 400          | 600          | 800          | 800          | Revisjonen er kritisk til å bruke investeringsbudsjettet for asfaltering av kommunale vegar, og vi må difor auke driftsutgiftene på dette feltet for å ha midlar til å bokføre meir av vedlikehaldet på driftsbudsjettet.   |
| 7   | Konsulentkjøp kommunale planar             | 500          | 500          | 500          | 500          | Det vil alltid vere trong for spisskompetanse på ulike delutgreiingar, og for planleggingstenester når kommunen sin egen kapasitet ikkje strekk til. Dei nærmaste åra er det områdeplanane for Midtmarka, Vikebø/Ryland, Frekhaug sentrum og tilrettelegging for næringsutvikling som er mest kritisk når det gjeld kapasitet og spisskompetanse. |
| 8   | Ny saksbehandlarstilling på private planar | 800          | 800          | 800          | 800          | Etter at kommuneplanen sin arealdel vart godkjent, auker aktivitetene hjå private utbyggjarar. Det er for lite med ein stilling dersom kommunen skal møte utbyggjarane på ein god måte, sikre rask behandling og klargjere kvalitet og rammer i tråd med føringane i kommuneplanen.   |
| 9   | Ny planleggjarstilling ved PUK             |              | 800          | 800          | 800          | Plan- og bygningslova krev at kommunen har kapasitet til å stå for ein større del av arealplanlegginga, slik at utbyggjarar og andre kan konseントre seg om detaljplanar for sine delfelt. Gjeld krav til kommunale områdeplanar og utgreiingar, m.a. næringsplanlegging, og er ein føresetnad for vekst.   |
| 10  | Tiltak i kommunen sine vassdrag            |              |              | 500          | 500          | Vassregion Hordaland og krav om kommunale tiltak i vassdraga. Innan 2021 skal det gjennomførast tiltak i Dalevatnet, Mjåtveitvelva, bekkar til Herlefjorden, Fosselva, Kvernhusbekken, Rylandselva. Andre, større tiltak skal vere gjennomført innan 2027, m.a. i Rosslandspollen, Flatøyosen, Eikelandsvatnet, Brakstadvatnet.                   |
| <b>Sum framlegg til auka i årleg ramme</b>  |  | <b>3 250</b> | <b>4 950</b> | <b>5 800</b> | <b>5 950</b> |   |
| nr  | Prioriterte tiltak:                        | 2017         | 2018         | 2019         | 2020         |   |
| 1   | Drift av kommunale bygningar               | 400          | 500          | 600          | 700          | Kr 400.000,- av framlegget frå fjorårets økonomiplan vart prioritert i 2016-budsjettet. Dette er auka i resten av perioden frå nytt nivå i 2016.  |
| 2   | Auka husleige i Meland Aktiv               | 350          | 350          | 350          | 350          | Husleiga som kommunen betaler til Meland aktiv for leige av lokale til kulturskulen og skulane er ikkje indeksregulert og har ikkje utvikla seg i takt med den kommunale bruken.  |
| <b>Sum prioriterte tiltak</b>   |  | <b>750</b>   | <b>850</b>   | <b>950</b>   | <b>1 050</b> |   |

## 7.10 Kyrkja

Kommunen gjev tilskot til drift av kyrkja og kyrkjestaben. Dei siste åra har tilskotet til kyrkja årleg vore auka med den generell løns- og prisveksten utan omsyn til dei behov som kyrkja har i forhold til tenestenivå, unntake når tilskotet vart auka i 2015 slik at ein fekk midlar til å dekke husleige etter flytting til Frekhaug senter.

Kyrkja vil vidare vektlegge at folketalsauken i kommunen også får konkrete følgjer for kyrkjestaben sitt arbeid og gjev auka press på alle ressursar. Ikkje minst er det merkbart på talet på dåp, konfirmasjonar og gravferder. Kyrkja har ikkje hatt auka i stillingar finansiert av det kommununale tilskotet sidan 2004, og det var ein liten 8% auka i organiststillinga. I dei seinare åra har kyrkja sjølv fått ansvaret for trusopplæringa (etter at skulen ikkje skulle ha det lengre) og målet er minimum eit møte med kyrkja pr år for alle døypte frå 0 – 18 år. Det er vi langt frå å nå, årleg tilskot frå bispedømet på ca kr 600.000 er langt frå tilstrekkeleg og det tek tid å bygge opp

gode tilbod. Kyrkja har delvis kompensert på spriket mellom behov og ressursar med å bruke eigne (innsamla) midlar til å dekke stillingar som burde vore kosta av kommunalt tilskot.

Kyrkje vil spesielt vektlegge følgjande behov for auka driftstilskot i økonomiplanperioden:

- Kompensasjon for auka utgifter med organist og rekneskapsføring (kr 40.000,- per år i 2017-2020)  
Slik det er no må kyrkja prioritere ned førebyggande arbeid mellom barn og unge og utsette grupper for å få mildar til desse tiltaka.
- Diakon (kr 200.000,- per år i 2017-2020):  
Kyrkja ønskjer å drive førebyggande arbeid, og det er trong for ei diakonstilling som kan rette arbeidet spesielt mot utsette grupper, ikkje minst unge som ikkje blir nådd med tradisjonelt organisert arbeid, men også til dømes personar i sorg. Ein diakon har fagleg kompetanse til dette arbeidet. Tiltaket kan gjerne etablerast i samarbeid med kommunen.
- Fullfinansiering av organiststilling frå kommunal løvning (kr 100.000,- per år i 2017-2020):  
Kyrkja har kosta auken frå 80 til 100% stilling ved innsamla midlar sidan 2012. Stillinga må aukast etter auke i folketal pga fleire gravferder, konfirmasjonar mm.
- Heimelsovergang og samanslåing av fellesråd (usikker på kor mykje dette vil kunne koste)  
Etter kyrkjelova frå 1997, skulle heimlane til kyrkja og kyrkjegarden overførast til soknet som sjølvstendig organisasjon. Denne heimelsoverføringa har ikkje vorte gjort i Meland. Det er viktig at dette er i orden i 2020 når ein skal bygge ein ny kommune. Dei tre kommunane som vert slått saman har den følgja at kyrkja også får ein felles organisasjon i eitt fellesråd. Dei tre råda har nokså ulik organisering og kultur og det vil bli ein stor og utfordrande oppgåve å synkronisere og bygge opp ein ny organisasjon. Kommunen må difor setje av ein del av tilskotet frå staten til dette formålet.

Investeringsbehov:

Den einaste kyrkjebygningen i kommunen er bra vedlikehalde, med unntak av tilbygget som ikkje har hatt nokon vesentleg opprusting sidan 1971. Med det store trykket på aktivitet som er på dette bygget, og med svært dårlige arbeidsforhold, ikkje minst sanitärmessig, både for tilsette og frivillige, bør ein kunne prioritere midlar til oppussing. Kr 300.000,- er foreslått i investeringsbudsjettet i 2020.

## 8 Investeringar

### 8.1 Ordinære investeringar der renter og avdrag må dekkjast over drift

| Prosj.nr | Prosjekt   | Ekskl. MVA    |               |               |               |               |               |                |
|----------|--|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
|          |  | 2016          | 2017          | 2018          | 2019          | 2020          | Seinare       | Sum 17-20      |
|          | IKT  | 4 600         | 2 600         | 1 300         | 1 300         | 1 300         | -             | 6 500          |
| 100      | IKT diverse direkte invest kommunen              | 650           | 550           | 550           | 550           | 550           |               | 2 200          |
| 101      | IKT-prosjekt via IKT NH                          | 400           | 450           | 450           | 450           | 450           |               | 1 800          |
| 103      | Utbygging Breiband                               | 3 100         |               |               |               |               |               | -              |
| 256      | Datautstyr skulane                               | 300           | 300           | 300           | 300           | 300           |               | 1 200          |
| 107      | Ny telefonlinjøysing                             | 150           |               |               |               |               |               | -              |
|          | Digitalisering av eige domsarkivet               |               | 1 300         |               |               |               |               | 1 300          |
|          | Teknisk sektor                                   | 14 538        | 3 150         | 2 300         | 2 300         | 2 300         | -             | 10 050         |
| 760      | Kommunale vegar                                  | 700           | 1 000         | 1 000         | 1 000         | 1 000         |               | 4 000          |
| 761      | Trafiksikring                                    | 300           | 300           | 300           | 300           | 300           |               | 1 200          |
| 762      | Kommunale bygg                                   | 1 000         | 1 000         | 1 000         | 1 000         | 1 000         |               | 4 000          |
| 578      | Kjøp av sentrumsarealet                          | 3 500         |               |               |               |               |               | -              |
| 751      | Veglys Beitingen                                 | 865           |               |               |               |               |               | -              |
| 778      | Gangbru Mjåveitvegen                             | 1 800         |               |               |               |               |               | -              |
| 785      | Aggregat Meland Sjukeheim                        | 2 512         |               |               |               |               |               | -              |
| 786      | Ladepunkt El-bilar                               | 311           |               |               |               |               |               | -              |
| 787      | Forskottering underg./trafikksikr. Holme         | 3 000         |               |               |               |               |               | -              |
|          | Kostemaskin                                      |               | 500           |               |               |               |               | 500            |
| 757      | Lesseapparat til strøsand                        | 400           |               |               |               |               |               | -              |
| 756      | 2 stk. saltspreiarar                             | 150           | 150           |               |               |               |               | 150            |
|          | Grasklyppar til kyrkjegarden                     |               | 200           |               |               |               |               | 200            |
|          | Ny driftsstasjon                                 |               |               |               |               |               |               | -              |
|          | Kyrkle   | 1 411         | 500           | 500           | 18 500        | 300           | -             | 19 800         |
| 576      | Restaurering av orgel                            | 300           |               |               |               |               |               | -              |
| 577      | Brannvarslingsanlegg Kyrkja                      | 311           |               |               |               |               |               | -              |
| 579      | Nytt varmeanlegg og kabelnett                    | 300           |               |               |               |               |               | -              |
|          | Utbetring av tilbygg til kyrka                   |               |               |               | 300           |               |               |                |
| 570      | Utviding av kyrkjegard                           | 500           | 500           | 500           | 18 500        |               |               | 19 500         |
|          | Skular   | 51 100        | 45 500        | 200           | 200           | 200           | 20 000        | 46 100         |
| 257      | Uteområde skular                                 | 300           | 200           | 200           | 200           | 200           |               | 800            |
| 253      | Tilbygg Grasdal skule                            | 20 000        | 16 200        |               |               |               |               | 16 200         |
| 254      | Tilbygg Sagstad skule                            | 30 000        | 27 100        |               |               |               |               | 27 100         |
| 259      | Vestbygd skule - ombygging                       | 300           |               |               |               |               |               | -              |
|          | Rossland skule - ventilasjon                     |               |               |               |               |               | 10 000        | -              |
|          | Tilbygg Meland ungdomsskule                      |               |               |               |               |               | 10 000        | -              |
| 261      | Uteareal Sagstad skule                           | 500           | 1 500         |               |               |               |               | 1 500          |
|          | Utgreiing/planlegging ungdomsskule               |               | 500           |               |               |               |               | 500            |
|          | Barnehage  | 570           | 250           | 10 000        | 20 000        | -             | -             | 30 250         |
|          | Ombygging Marihøna Barnehage                     | 320           |               |               |               |               |               | -              |
|          | Ny kommunal barnehage                            | 250           | 250           | 10 000        | 20 000        |               |               | 30 250         |
|          | Institusjon/kommunale bustader                   | 13 150        | 10 700        | 20 000        | 20 000        | -             | -             | 50 700         |
| 354      | Balkong omsorgsbustader Meland rådhus            | 50            | 700           |               |               |               |               | 700            |
| 350      | Utleigebustader for vansklegstilte               | 10 000        | 10 000        | 10 000        | 10 000        |               |               | 30 000         |
| 351      | Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn              | 3 100         |               | 10 000        | 10 000        |               |               | 20 000         |
|          | Helsehus   |               |               |               |               |               |               | -              |
|          | Kultur/nærings                                   | -             | 5 100         | -             | -             | -             | -             | 5 100          |
|          | Restaurering av meieribygget                     |               | 5 100         |               |               |               |               | 5 100          |
|          | Idrettshall/symjehall                            |               |               |               |               |               |               | -              |
|          | <b>Sum ordinære driftsmidlar:</b>                | <b>85 369</b> | <b>67 800</b> | <b>34 300</b> | <b>62 300</b> | <b>4 100</b>  | <b>20 000</b> | <b>168 500</b> |
|          |  |               |               |               |               |               |               |                |
|          | <b>Andre kapitalutgifter</b>                     |               |               |               |               |               |               |                |
| 910      | Startlånn - vidareutlånn                         | 6 000         | 6 000         | 6 000         | 6 000         | 6 000         |               | 24 000         |
| 910      | Avdrag på startlånn - Husbanken                  | 2 320         | 2 000         | 2 000         | 2 000         | 2 000         |               | 8 000          |
| 929      | Eigenkapitalinskot KLP                           | 700           | 700           | 700           | 700           | 700           |               | 2 800          |
|          | <b>Sum andre kapitalutgifter:</b>                | <b>9 020</b>  | <b>8 700</b>  | <b>8 700</b>  | <b>8 700</b>  | <b>8 700</b>  | <b>-</b>      | <b>34 800</b>  |
|          | <b>Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter</b> | <b>94 389</b> | <b>76 500</b> | <b>43 000</b> | <b>71 000</b> | <b>12 800</b> | <b>20 000</b> | <b>203 300</b> |
|          |  |               |               |               |               |               |               |                |
|          | <b>Finansiering og kapitalinntekter</b>          |               |               |               |               |               |               |                |
|          | Lånn Husbanken for vidareutlånn                  | 6 000         | 6 000         | 6 000         | 6 000         | 6 000         |               | 24 000         |
|          | Mottekne avdrag startlånn                        | 2 320         | 1 600         | 1 600         | 1 600         | 1 600         |               | 6 400          |
|          | Bruk av fond startlånn                           | -             | 400           | 400           | 400           | 400           |               | 1 600          |
|          | Mva-refusjon                                     |               |               |               |               |               |               | -              |
|          | Bruk av disp.fond                                | 3 000         |               |               |               |               |               | -              |
|          | Bruk av kapitalfond                              | 5 100         | 700           | 700           | 700           | 700           |               | 2 800          |
|          | Lånn   | 77 969        | 67 800        | 34 300        | 62 300        | 4 100         |               | 168 500        |
|          | <b>Sum finansiering ordinære driftsmidlar:</b>   | <b>94 389</b> | <b>76 500</b> | <b>43 000</b> | <b>71 000</b> | <b>12 800</b> | <b>-</b>      | <b>203 300</b> |

### **8.1.1 IKT**

#### **IKTNH-prosjekter**

Meland kommune sin del av fellesinvesteringar i IKT Nordhordland. Anslag på løpende investeringar, ikkje definert kva prosjekt som skal gjennomførast i økonomiplanperioden.

#### **IKT Meland**

Løpende investeringar i IKT utstyr i kommunen. Fast årleg sum til diverse tiltak.

#### **Digitale tavler og Klassesett bærbare PC-ar skulane**

Investering i digitalt undervisningsmateriell på skulane

#### **Digitalisering av egedomsarkivet**

Krav om fullelektronisk saksbehandling betyr at det gamle egedomsakrivet, som kun eksisterte i papirutgåve fram til slutten av 1990-talet, må digitaliserast. Arbeidet er omfattande og må utførast av innleigd kompetanse. Digitaliseringa må koordinerast opp mot dagens elektroniske arkivløysing. Resultatet av arbeidet er at alle gamle og nye tiltak knytt til gårds- og bruksnr kan hentast opp elektronisk, og på sikt vere tilgjengeleg for den enkelte grunneigar i ei «mi side»- løysing.

### **8.1.2 Teknisk**

#### **Kommunale vegar**

Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 1,5 mill pr år. For perioden 2017-2020 er det føreslått sett av kr 1,0 mill pr år. Dette er mindre enn det som er tilrådd, men er noko meir enn det som har vore avsatt dei seinare åra.

#### **Trafikksikring**

Trafikksikringsplan for Meland kommune 2012-2016 er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. For økonomiplanperioden er det sett av kr 300 000,- årleg til trafikksikringstiltak. Dette er mindre enn ønskjeleg i høve til trafikksikringsplanen, men tilpassa totalrammene for dei kommunale investeringane. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.

#### **Kommunale bygg**

Vedlikehaldsplan for kommunale bygningar godkjent av kommunestyret 14.10.2015 legg premissane for det planlagde vedlikehaldet. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.

#### **Kjøp av sentrumsareal**

I områdeplanen for Frekhaug sentrum er det sett av areal til offentlege formål, mellom anna ny kyrkjetomt. Det er lagt inn midlar til erverv av areal i 2016, som utgangspunkt for forhandlingar.

#### **Veglys Beitingen**

Revidert trafikksikringsplan er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. Veglys til Beitingen ligg inn som eit av tiltaka på kommunale veger. Tiltaket overskrid den årlege posten på trafikksikringstiltak, og er difor satt

opp som eige prosjekt. Prosjektet vert gjennomført i samband med bygging av vassleidning Fløksand-Beitingen.

#### **Forskottering undergang/trafikksikring Holme**

Kommunen ønskjer å få fortgang i trafikksikringstiltak på Holme. Løysinga må vere regulert og godkjent av Statens vegvesen før gjennomføring. Tiltaket inngår i Nordhordlandspakken.

#### **Kostemaskin**

Budsjettet kr 0,5 mill i 2017. Kommunen bruker i dag innleid maskin, men behovet er så stort at det bør kjøpast inn ein eigen maskin. Maskina skal nyttast til reingjering av kommunale vegar. Støv og sand frå trafikkerte områder er både miljømessig og helsemessig til ulempe.

#### **Lesseapparat til strøsand**

For lessing av strøsand og snørydding i trонge bustadfelt. Ferdig i 2016.

#### **2 stk. saltspreiarar**

Saltspreiarar til vintervedlikehald. Budsjettet med ein i 2016 og ein i 2017.

#### **Grasklyppar til kyrkjegarden**

Utskifting av eksisterande grasklyppar grunna alder og høge reparasjonskostnader. Budsjettet 2017.

#### **Ny driftsstasjon**

Det er nødvendig med ny driftsstasjon dersom meieribygget skal restaurerast. Lokalisering av ny driftsstasjon er ikkje avklart, og det fins ulike alternativ med omsyn til nybygg eller bruk av eksisterande bygg i kommunen. Dette må utgreiaast nærmare før ein har eit konkret kostnadsoverslag. Beløp er difor ikkje lagt inn i budsjettet.

### **8.1.3 Kyrkja**

#### **Restaurering av orgel**

Orgelet er skadd av tørke og må restaurerast. Ferdig i 2016.

#### **Utbetring av tilbygg til kyrkja**

Tilbygget frå 1971 treng oppgradering, spesielt kjøkken, vaskerom og toalett.

#### **Utviding av kyrkjegard**

Det er eit krav om at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbyggjarane til ein kvar tid. Prognosar viser at ein i rundt år 2017 ikkje lenger vil tilfredsstille dette kravet. Det er ønskjeleg at det vert bygd 600 nye gravplassar innan 2020. Detaljregulering av nytt areal som er avsatt i kommuneplanen startar opp i 2016. Totalkostnad på kr 19,5 mill er ein førebels budsjettsum.

### **8.1.4 Skular og barnehage**

#### **Uteområde skuler**

Investeringar i uteområde for elevar og parkeringsplassar på skulane. Kva tiltak som skal gjennomførast det einskilde år vert spesifisert det årlege budsjettet.

### **Tilbygg Grasdal skule**

Vedteke forprosjekt innebefører ei utbygging på ca 1050 m<sup>2</sup>. I tillegg kjem areal til ventilasjonsrom og ombygging i eksisterande skulebygg. Det skal byggast ut fleire nye klasse- og grupperom, spesialrom samt meir areal for personale. I tillegg vil parkeringsplass for skulen bli utvida med nytt areal. Tilbygget skal stå klart til skulestart hausten 2017. I mellomtida vil det bli nytta modulbygg for å sikre nok areal.

### **Tilbygg Sagstad skule**

Vedteke forprosjekt innebefører ei utbygging på ca 1700 m<sup>2</sup>. I tillegg kjem loftsareal til lager og ventilasjonsrom og ombygging i eksisterande skulebygg. Det skal bli bygd ut fleire nye klasse- og grupperom, nytt musikkrom, allrom og areal for personale. Tilbygget er noko seinka grunna lang anbodsprosess med klagebehandling. Tilbygget vil stå klart til utgangen av 2017. I mellomtida vil det bli nytta modulbygg for å sikre nok areal.

### **Rossland skule ventilasjon**

Etablering av ventilasjonsanlegg på den eldste delen av skulen. Er kun naturleg ventilasjon i dag. Ikke prioritert i økonomiplanperioden.

### **Tilbygg Meland ungdomsskule**

Det vil etter kvart vere behov for å auke kapasiteten på skulen med ein ekstra parallel. Ikke prioritert i økonomiplanperioden, men kan verte framskunda dersom elevtalet vert større enn rekna med.

### **Uteareal Sagstad skule**

Kjøp og opparbeiding av uteareal for Sagstad skule. Skulen har i dag for lite uteoppphaldsareal for elevane. Dette arealet vil bli enda mindre når skulen vert bygd ut samtidig som elevtalet aukar ytterlegare. Det bør settast i gang arbeid med å tilegne skulen meir areal som kan opparbeidast til skuleplass. Foreløpig er det lagt inn ei svært grov kostnadskalkyle som må oppdaterast når ein får kartlagt kor stort areal som bør anskaffast.

### **Utgreiing/planlegging ungdomsskule**

Vurdering av noverande skulekapasitet og framtidig lokalisering for å møte folkeveksten. Avsatt prosjekteringsmidlar på kr 0,5 mill i 2017.

### **Ny kommunal barnehage**

Prognosar viser at det etterkvart vil bli for lite kapasitet på barnehageplassar i kommunen. Prognosane er usikre, men ein reknar med at det er nødvendig å få på plass ein ny kommunal barnehage frå hausten 2019. Ei moglegheitsstudie er no i sluttfasen og studien tyder på at opphaveleg kostnadsestimatet er for lite. Estimatet vil bli oppdatert når det har blitt ei nærmare avklaring på lokalisering og storleik på barnehagen..

## **8.1.5 Helse, sosial og omsorg**

### **Balkong omsorgsbustader Meland rådhus**

Leidgetakrar har i dag ikkje eige uteoppphaldsareal, noko som er svært ynskjeleg å få til. Det er gjennomført eit forprosjekt og vi ønskjer å foreta bygging av balkongen i 2017.

### **Utleigebustader for vanskelegstilte**

Ny temaplan for Helse, sosial og omsorg 2015-2018 samt eigen Bustadmelding er under arbeid. Temaplan er strategisk dokument som skal følgjast opp med eigne Handlings- og tiltaksplanar for dei einskilde tenesteområder.

I høve busetting av flyktningar har Kommunestyret sak 49/2015 fatta vedtak om mottak av 23 flyktningar per år i perioden 2015-2017. Det er soleis trøng for enda fleire kommunale utleigebustader. Det er ønskjeleg at kommunen eig desse bustadane framfor å leige dei. Det er no lagt inn kjøp av 5 bustader per år i planperioden. Storleik på hus samt lokalisering/bumiljø vert å vurdere. Det er eige investeringstilskot via Husbanken på inntil 40 % til det enkelte prosjekt.

#### **Omsorgsbustader med heldøgns helse- og sosialteneste**

Ny Temaplan for Helse, sosial og omsorg 2016-2019 samt eigen Bustadmelding er under arbeid. I 2016 er det vurdert behov for å kjøpe ein ny einebustad grunna behov for rehabilitering av eldre communal bustad som per tid vert nytta med forsterka tenesteyting.

Ferdigstilling av temaplan kan medføre endringar i prioriteringar, men per tid er det lagt føringar for at kommunen i 2018 bør bygge nye omsorgsbustader sentralt i Meland - 12 stk. bueiningar med fellesareal. Bygningsmasse kan både vurderast å vere samla i 1 bygg eller delast i 2 separate bygg (til dømes 2 x 6 einingar). Målgruppa er personar som treng tenester på ulike tider av døgnet. Omfang av tenester vil kunne variere gjennom døgnet og over tid. Dette kan inkludere personar med langvarig somatisk sjukdom, ulik type funksjonsnedsetting, rusvanskar og/eller psykiske lidinger. I tillegg er det lagt inn midlar til kjøp av eit par frittliggjande omsorgsbustader. Det er eige investeringstilskot via Husbanken der Husbanken dekker inntil 45 % av kostnadene til oppføring.

#### **8.1.6 Kultur/næring**

##### **Restaurering av meieribygget**

Restaurering og ombygging av Holsnøy meieri til kultur- og næringsverksemd. Bygget fungerer i dag som lager og verkstad for den kommunale driftsavdelinga, og desse funksjonane må flyttast til nye lokale.

#### **8.1.7 Andre bygg**

##### **Idrettshall/Symjehall**

Det er eit stort behov for ny idrettshall i kommunen. Både Sagstad skule og Meland ungdomsskule manglar gymsal. Dei lokala som i dag vert leidt (Meland Aktiv, Nordhordland folkehøgskule) byrjar å få lite kapasitet. Ved bygging av ein ny idrettshall er det ønskjeleg å bygge eit anlegg som kan nyttast i fleire samanhengar og også kunne fungere som eit regionalt anlegg. Her vil det også kunne vere ønskjeleg å etablere eit nytt symjebasseng. I dag er det berre Rossland skule som har symjebasseng. Bassenget er av eldre dato, og vil ha ei avgrensa levetid. Tiltaket er førebels ikkje utgreidd ettersom det ikkje er funne rom for det i økonomiplanperioden, og det er såleis ikkje lagt inn budsjett-tal i økonomiplanperioden.

##### **Helsehus**

Det er behov for samlokalisering og større lokale til fastlege, helsestasjon, fysioterapi og psykiske helsetenester på Frekhaug. Grunna usikkerheit knytt til framtidig bruk av Meland rådhus i ein eventuell ny kommunestruktur, er det ikkje lagt inn noko midlar til helsehus i denne økonomiplanperioden.

## Ikkje prioriterte tiltak

### Kommunale kaier

Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 0,5 mill pr år. Dette er ikkje teke med i budsjettframlegget.

## 8.2 Kommentarar til investering i sjølvkostprosjekt – Vassverk og Avlaup

Framlegg til investeringar er basert på vedteken tiltaksplan for Vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Investeringane er planlagt som ein heilskap for å oppfylle målsetjingane i denne planen, og endringer i investeringsnivå krev at tiltaksplanen må revurdererast.

| Alle tal i heile 1000 kr                                  |               |               |               |               |               |                  |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|------------------|
|   | Ekskl. MVA    |               |               |               |               |                  |
|   | 2016          | 2017          | 2018          | 2019          | 2020          | Seinare          |
| <b>Investeringar i Vassverk og avlaup (sjølvkostfin.)</b> |               |               |               |               |               | <b>Sum 17-20</b> |
| Vatn  | 28 866        | 45 600        | 46 025        | 11 600        | 10 000        | <b>103 225</b>   |
| Vassleiding Ållandsvågen - Landsvik                       | 12 186        |               |               |               |               | -                |
| Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal                        | 2 775         | 35 000        | 24 725        |               |               | <b>59 725</b>    |
| Vassleidning Fløksand-Beitingen                           | 11 875        |               |               |               |               | -                |
| Vassleidning Tveit-Holme                                  |               |               | 3 600         |               |               | <b>3 600</b>     |
| Vassleiding Landsvik-Rossland                             | 500           | 10 600        | 11 100        |               |               | <b>21 700</b>    |
| Vassleiding Vollo-Brakstad                                |               |               |               |               | 12 300        | -                |
| Nytt høgdebasseng Rossland                                |               |               |               | 5 000         |               | <b>5 000</b>     |
| Vassleiding Littlebergen-Frekhaug                         |               |               | 6 600         | 6 600         |               | <b>13 200</b>    |
| Vassleidning Littlebergen-Flatøy-Knarvik                  |               |               |               |               |               | -                |
| Omlegging leidningsnettet Moldekleiv                      | 480           |               |               |               |               | -                |
| Gravemaskin (delsum)                                      | 300           |               |               |               |               | -                |
| VA-kryssing E39   | 750           |               |               |               |               | -                |
| Avlaup  | 12 650        | 7 000         | 15 500        | 8 000         | 10 000        | <b>30 500</b>    |
| 662 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit                    | 800           | 6 000         | 5 000         |               |               | <b>11 000</b>    |
| 664 Sanering Fløksand                                     | 3 000         |               |               |               |               | -                |
| Sanering Brakstad   |               |               |               |               | 8 100         | -                |
| 666 Oppgradering Varnappen reinseanlegg                   | 1 000         |               |               |               |               | -                |
| Overføring Leirdalen-Eikeland                             |               |               | 4 500         |               |               | <b>4 500</b>     |
| 663 Separering Grønlandsområdet                           | 6 500         |               |               |               |               | -                |
| Sanering Rosslandspollen                                  |               | 1 000         | 6 000         | 8 000         |               | <b>15 000</b>    |
| 671 Spylevogn   | 300           |               |               |               |               | -                |
| 670 Gravemaskin (delsum)                                  | 300           |               |               |               |               | -                |
| 654 VA-kryssing E39                                       | 750           |               |               |               |               | -                |
| <b>Sum VA-investeringar:</b>                              | <b>41 516</b> | <b>52 600</b> | <b>61 525</b> | <b>19 600</b> | <b>20 000</b> | <b>20 400</b>    |
| Lån:  | 41 516        | 52 600        | 61 525        | 19 600        | 20 000        | 20 400           |
| <b>Sum finansiering:</b>                                  | <b>41 516</b> | <b>52 600</b> | <b>61 525</b> | <b>19 600</b> | <b>20 000</b> | <b>20 400</b>    |
|   |               |               |               |               |               | <b>133 725</b>   |

### 8.2.1 Vatn

#### Vassleidning Ållandsvågen – Landsvik

For å unngå nye tiltak og investeringar for Husebø vassverk vil ein tilrå å kople Husebø til Meland vassverk ved bygging av ein leidning frå Ållandsvågen ned til Riplevika og vidare i sjøleidning over til Landsvik, der leidningen vert kopla til eksisterande vassleidning. Då Mattilsynet har stilt krav om oppgradering av Husebø vassverk, vil ein tilrå at sambandet mellom Meland vassverk og Husebø vassverk vert bygd snarast. Husebø vassverk kan avviklast når Husebø forsyningssområde er knytt til Meland vassverk.

### **Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal**

For å sikre Meland kommune nok vatn er det nødvendig å byggje eit nytt hovudvassverk. Det er no gjennomført eit forprosjekt for nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal som har vist at opphaveleg planlagt reinseprosess ikkje er mogleg. Det har også vist seg at ny inntaksleidning må vere lengre og det fører til større dimensjon. Dette fører også til behov for ein større råvasspumpetasjon enn først antatt. Desse endringane har ført til behov for ei større kostnadsramme for prosjektet. Det opphavelege kostnadsoverslaget vart gjort som ein del av revisjon av tiltaksplan for vass, avlaup og vassmiljø 2015-2019, og dermed med langt mindre kunnskap om prosjektet enn det som vert utarbeidd gjennom forprosjektet som no har vore gjennomført.

For å unngå at det samla gebyrnivået innan VA-sektoren auker på grunn av større kostnader med vassbehandlingsanlegget vil ein tilrå å utsette to prosjekt: Vassleidning Vollo-Brakstad og Sanering Brakstad til seinare. Dette er i motsetning til vassbehandlingsanlegget ikkje prosjekt som hastar like mykje å gjennomføre for å sikre innbyggjarane i Meland kommune ei trygg og tilstrekkeleg vassforsyning.

### **Vassleidning Fløksand-Beitingen**

For å sikre vassforsyninga til Rossland vil ein tilrå bygging av ny leidning frå Fløksand til Beitingen. Denne leidningen vil gje ei ringleidning som gjev ei tryggare forsyning til Rossland.

### **Vassleidning Tveit-Holme**

I samband med legging av ny avlaupsleidning frå Tveit til Holmeknappen vert det tilrådd å oppgradere eksisterande leidning frå Tveit til Holme i felles grøft med avlaupsleidning.

### **Vassleidning Landsvik-Rossland**

For å sikre vassforsyninga til Husebø og Rossland, og klarlegge for nytt høgdebasseng på Rossland, vert det tilrådd ein ny leidning frå Landsvik til Rossland. Dette vil gje eit ringsamband som gjer det mogeleg å forsyne Husebø også frå Rossland ved eventuell driftsstans for den nye sjøleidningen Riplevika-Landsvik. Vidare vil også Rossland få betre sikring fordi det vil vere mogeleg å forsyne Rossland gjennom ny sjøleidning Riplevika-Landsvik.

### **Vassleidning Vollo-Brakstad**

I samband med bygging av ny avlaupsleidning frå Vollo til Brakstad vil ein tilrå ei oppgradering av eksisterande leidning frå Vollo til Brakstad i felles/delvis felles grøft med avlaupsleidning. Prosjektet er flytta til seinare.

### **Høgdebasseng Rossland**

For å gje betre sikring av forsyninga i den nordvestlege delen av kommunen vil ein tilrå å byggje eit høgdebasseng på Rossland. Denne delen av kommunen har ikkje nokon form for utjamning/magasinering. Eit høgdebasseng vil gje god sikring også mot evt. leidningsbrot på overføringsleidningen frå Meland vassverk. I tillegg vil eit høgdebasseng her betre trykktihøva i nettet. Etter legging av sjøleidningen frå Riplevika til Landsvik kan ein få ujamne trykktihøve som kan utjamnast i eit høgdebasseng.

### **Vassleidning Littlebergen – Frekhaug**

For å sikre forsyninga til Frekhaug og legge til rette for vidare utbygging både på Frekhaug og Flatøy vil ein tilrå bygging av ein ny vassleidning frå Littlebergen til Frekhaug. Denne leidningen bør sjåast i samanheng med Nordhordlandspakken og planlagt utviding av FV 245.

### **Vassleidning Littlebergen- Flatøy-Knarvik**

Det har lenge vore eit ønskje om å betre beredskapen i vassforsyninga gjennom eit interkommunalt samarbeid. I tillegg er det behov for meir kapasitet på vatn for framtidig utbygging i Midtmarka. Ein vil kome tilbake med kalkyle så snart tiltaket er nærmare utgreid gjennom ny rammeplan for vassforsyning for Flatøy.

### **Gravemaskin**

Den gamle gravemaskina er snart utslitt og har store årlege reparasjonskostnader. Kostnaden til ny maskin er delt på vatn og avlaup.

### **VA-kryssingar Flatøy**

Vegvesenet er i full gang med å utvide vegen på Flatøy for å etablere midtdelarar. På sikt vert det også lagt opp til ein 4-feltsveg. I samband med dette er det viktig å sikre at nødvendig infrastruktur for vatn- og avlaup vert etablert, også under vegen. Tiltaket er delt mellom vatn- og avlaup.

## **8.2.2 Avlaup**

### **Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit**

I 2011-2012 vart det bygd felles vassforsynings- og avlaupsleidningar mellom Vollo og Tveit vegkrysset, langs Brakstadvassdraget. I tillegg er det etablert leidningsanlegg langs ei strekning forbi barnehagen på Holme. Desse tiltaka er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget. Førebels er ingen tilknytt avlaupsanlegget. For å gjere ferdig saneringstiltaket må det byggjast reinseanlegg og utslepp ved Holmeknappen, og avskjerande leidningsanlegg opp til fv.564 – og vidare opp til vegkrysset på Tveit, der det vert tilkopla eksisterande avlaupsleidning. Dette tiltaket var og med på investeringsplanen i hovudplanen 2010-2014, men vart ikkje utført.

### **Sanering Fløksand**

I samband med vassleidning Fløksand-Vikebø er det bygd leidningsanlegg for avlaup langs delar av Fløksandvegen. I dette tiltaket inngår bygging av reinseanlegg (slamavskiljar) og utsleppsleidning. I tillegg vert avlaupsanlegget utvida langs Vestbygdvegen, for å utløyse bustadfeltet på austsida av fylkesvegen.

### **Sanering Brakstad**

På nordvestsida av Brakstadvatnet er det om lag 30 bustader og noko næring (samla ca 120 pe), der avlaupsvatn drenerer til vassdraget. Avlaupsvatnet vert samla i ei ny pumpestasjon langs vegen, og overført mot Fløksand i vest. Leidningsanlegget må førast fram til utbygd anlegg på Fløksand. Saneringstiltaket er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget, og var med i handlingsplanen 2010-2014 (med ei anna løysing). Prosjektet er flytta til seinare.

### **Oppgradering Varnappen reinseanlegg**

Varnappen RA er i dag ikkje tilrettelagt for å dokumentere mengde eller kvalitet på reinsa avlaupsvatn (alternativt reinseeffekt). Dette er eit krav i avlaupsregelverket (frå 1.1.2007) for utslepp i tettstader > 1000 pe (som Frekhaug). Innhold av suspendert stoff i avlaupsvatnet skal målast kvar månad, slik at ein kan dokumentere om utsleppet stettar det nasjonale minstekravet til innhold/reinseeffekt for denne type anlegg og recipient. Det må etablerast punkt for å hente ut representative vassprøvar (mengdeproporsjonal prøvetaking), og det må installeras mengdemålar.

### **Overføring Leirdalen-Eikeland**

Ein ønskjer å avlaste pumpestasjonen i Vikebø, og den lange utsleppsleidningen gjennom Rosslandspollen. Det er satt av eit stort område til bustadføremål sør for Leirdalen, området drenerer til Leirdalen der kommunen allereie har pumpestasjon (for bustader og verksemd på Ryland) som overfører avlaupsvatn mot Vikebø. Tiltaket går ut på å etablere overføringsanlegg mellom eksisterande pumpestasjon og eksisterande avlaupsnett på Eikeland (i sør-vest), og "snu" pumperetninga. Avlaupsanlegget på Eikeland blir bygd ferdig med reinseanlegg (slamavskiljar) og utslepp i 2014. Avlaup frå ca. 130 pe vert då overført til Eikeland, og avlasta frå reinseanlegget på Vikebø. I tillegg kjem avlaup frå framtidige utbyggingsområde.

### **Separering Grønlandsområdet**

Det er behov for å redusere vassmengda som går i overlaup rundt reinseanlegget på Varnappen. Vassmengde og –kvalitet er sterkt påverka av nedbør. Hovudårsaka er at det kjem inn mykje framandvatn i nettet frå bustadfeltet på Grønland. Overvatn frå tak og vegsluk er i dag kopla direkte inn på det kommunale avlaupssystemet, og i periodar med langvarig eller kraftig nedbør blir mengdetilførselen høgare enn kapasiteten til reinseanlegget. Overvatn bør separerast frå sanitært avlaupsvatn i området, det bør byggjast eige overvass-system som leier "reint" overvatn til nærmeste bekk/terreng

### **Sanering Rosslandspollen**

Rosslandspollen er ei innelukka og sårbar recipient med dårleg vassutskifting. Oppsamla avlaup ved Ryland-Vikebø vert ført ut av pollen gjennom ei lang pumpeleidning, til utslepp i Herdlefjorden. Men det er mange bustader i Rossland-, Skurtveit- og lo-området som har direkte/indirekte avlaupsutslepp til pollen. Sjølv om det i seinare tid er sett krav til reinsing i minireinseanlegg frå spreidd busettad i nedslagsfeltet, er det eit langsiktig mål å få sanert Rosslandspollen for alle utslepp. Oppsamla avlaupsvatn bør leiaut i det opne fjordsystemet, Herdlefjorden.

Det er relativt store avstandar og komplisert terreng i nedslagsområdet, og det bør utarbeidast ei samla plan for korleis ein kan sanere eksisterande utslepp til Rosslandspollen og overføre avlaupsvatnet til Herdlefjorden.

### **Spylevogn**

Den gamle vogna er for svak. For spyling av kummar og leidningar.

### **Gravemaskin**

Den gamle gravemaskinen er snart utslitt og har store årlege reparasjonskostnader. Kostnaden til ny maskin er delt på vatn, avlaup.

### **VA-kryssingar Flatøy**

Vegvesenet er i full gang med å utvide vegen på Flatøy for å etablere midtdelarar. På sikt vert det også lagt opp til ein 4-feltsveg. I samband med dette er det viktig å sikre at nødvendig infrastruktur for vatn- og avlaup vert etablert, også under vegen. Tiltaket er delt mellom vatn- og avlaup.

## 8.3 Oppsummering investeringar

| Prosj.nr | Prosjekt  | Ekskl. MVA     |                |                |               |               |                |
|----------|---|----------------|----------------|----------------|---------------|---------------|----------------|
|          |   | 2016           | 2017           | 2018           | 2019          | 2020          | Sum 17-20      |
|          | IKT   | 4 600          | 2 600          | 1 300          | 1 300         | 1 300         | 6 500          |
|          | Teknisk sektor                                  | 14 538         | 3 150          | 2 300          | 2 300         | 2 300         | 10 050         |
|          | Kyrkje  | 1 411          | 500            | 500            | 18 500        | 300           | 19 800         |
|          | Skular  | 51 100         | 45 500         | 200            | 200           | 200           | 46 100         |
|          | Barnehage                                       | 570            | 250            | 10 000         | 20 000        | -             | 30 250         |
|          | Institusjon/kommunale bustader                  | 13 150         | 10 700         | 20 000         | 20 000        | -             | 50 700         |
|          | Kultur/næring                                   | -              | 5 100          | -              | -             | -             | 5 100          |
|          | <b>Sum ordinære driftmidlar:</b>                | <b>85 369</b>  | <b>67 800</b>  | <b>34 300</b>  | <b>62 300</b> | <b>4 100</b>  | <b>168 500</b> |
|          |   |                |                |                |               |               |                |
|          | <b>Sum andre kapitalutgifter:</b>               | <b>9 020</b>   | <b>8 700</b>   | <b>8 700</b>   | <b>8 700</b>  | <b>8 700</b>  | <b>34 800</b>  |
|          |   |                |                |                |               |               |                |
|          | <b>Sum investeringar ordinære driftsmidlar:</b> | <b>94 389</b>  | <b>76 500</b>  | <b>43 000</b>  | <b>71 000</b> | <b>12 800</b> | <b>203 300</b> |
|          |   |                |                |                |               |               |                |
|          | <b>Finansiering og kapitalinntekter</b>         |                |                |                |               |               |                |
|          | Lån Husbanken for vidareutlån                   | 6 000          | 6 000          | 6 000          | 6 000         | 6 000         | 24 000         |
|          | Mottekne avdrag startlån                        | 2 320          | 1 600          | 1 600          | 1 600         | 1 600         | 6 400          |
|          | Bruk av fond startlån                           | -              | 400            | 400            | 400           | 400           | 1 600          |
|          | Bruk av kapitalfond og disp.fond                | 8 100          | 700            | 700            | 700           | 700           | 2 800          |
|          | Lån   | 77 969         | 67 800         | 34 300         | 62 300        | 4 100         | 168 500        |
|          | <b>Sum finansiering ordinære driftsmidlar:</b>  | <b>94 389</b>  | <b>76 500</b>  | <b>43 000</b>  | <b>71 000</b> | <b>12 800</b> | <b>203 300</b> |
|          |   |                |                |                |               |               |                |
|          | Vatn  | 28 866         | 45 600         | 46 025         | 11 600        | 10 000        | 103 225        |
|          | Avla up   | 12 650         | 7 000          | 15 500         | 8 000         | 10 000        | 30 500         |
|          | <b>Sum VA-investeringar:</b>                    | <b>41 516</b>  | <b>52 600</b>  | <b>61 525</b>  | <b>19 600</b> | <b>20 000</b> | <b>133 725</b> |
|          |   |                |                |                |               |               |                |
|          | Lån:  | 41 516         | 52 600         | 61 525         | 19 600        | 20 000        | 133 725        |
|          | <b>Sum finansiering VA:</b>                     | <b>41 516</b>  | <b>52 600</b>  | <b>61 525</b>  | <b>19 600</b> | <b>20 000</b> | <b>133 725</b> |
|          |   |                |                |                |               |               |                |
|          | <b>Sum alle investeringar:</b>                  | <b>135 905</b> | <b>129 100</b> | <b>104 525</b> | <b>90 600</b> | <b>32 800</b> | <b>337 025</b> |
|          |   |                |                |                |               |               |                |
|          | <b>Sum nye lån:</b>                             | <b>125 485</b> | <b>126 400</b> | <b>101 825</b> | <b>87 900</b> | <b>30 100</b> | <b>326 225</b> |

Merk at alle beløp er ekskl. mva. I budsjettet skal det for dei fleste investeringar i ordinære driftsmiddel påplussast mva, men refusjon mva vert og plussa på som finansiering, og bruk av lån og kapitalfond vert såleis ikkje endra. Sum låneopptak i økonomiplanperioden er budsjettert med kr 326 mill.